


M O S T E R

2 0 2 4



**«MOSTER 2024**  
- VERDIAR I TUSEN ÅR»

Eit aktivitetshefte om  
samfunnsendring, lovutvikling  
og religionsskifte.

M O S T E R

**1000**


2 0 2 4

*iko*

## INNHOLD

● Del 1 Oversiktsartiklar.....	3
●● Del 2 Aktivitetar .....	37
●●● Del 3 Ressursar.....	69
●●●● Spelet på Krosshaugen .....	75






## Innleiing

Me seier gjerne at me må kjenna til historia vår for at ho ikkje skal gjentaka seg. Med det meines at me skal læra av ho. Men like viktig er det som historia og fortida kan læra oss om oss sjølv. Historia vår formar oss og fortel noko om kven me er. I år feirar me eit tusenårsjubileum.

Det er tusen år sidan Olav den heilage skal ha etablert kristenretten på Moster og med det tusen år sidan det vart innført kristne lover og reglar i Noreg. Det starta institusjonaliseringa av kristendomen i landet vårt. Kvifor skal me læra om dette i dag? Noreg er eit sekulært og mangfaldig samfunn, kristendomen spelar vel ikkje lenger noka stor rolle, og år 1024 er veldig lenge sidan. Har eigentleg mellomalderen nokon som helst relevans i dag?

Svaret på det siste spørsmålet er ja, og det er difor me treng å læra om denne tida og det som skjedde då, sjølv om det kan verka fjernt frå oss i dag. Det stemmer at Noreg er eit sekulært og mangfaldig samfunn. Men kristninga av landet førte med seg ein del samfunnsendringar og verdiar som framleis er sentrale den dag i dag og som framleis pregar oss. Blant desse er fridom, rettsvern og likeverd, som er






hovudtemaa for Moster 2024-jubileet. Det er desse verdiane me feirar når me markerer etableringa av kristenretten, og ingen kan vel seia at dei ikkje er viktige.

Historia vår fortel altso noko om kvifor Noreg er som det er i dag og om kven me er. Tusenårsjubileet kan difor seiast å vera eit slags identitetsprosjekt. Det gir oss forhåpentlegvis høve til å stoppa opp litt og reflektera over sentrale verdiar, over korleis me ynskjer at Noreg skal vera og over korleis me skal vera mot kvarandre. Det gir oss òg mogelegheita til å korrigera idéar, førestillingar og fordomar knytt til fortida som kanskje ikkje har rot i røynda. Digitalisering, sosiale medium, kunstig intelligens og falske nyheter har gjort kjeldekritikk viktigare enn kanskje nokon gong. Eit jubileum er ei gyllen mogelegheit til å gå historiekunnskapen vår etter i saumane og tenkja kritisk rundt det me tidlegare har lært og trudde me kunne. Mykje feilinformasjon har lura seg inn i norske lærebøker igjennom tidene, og ein del har etablert seg som uomtvistede sanningar som ingen stiller spørsmål ved. I staden for å perpetuere desse feila som aksepterte sanningar, kan jubileet brukast til nettopp å rokka ved desse og korrigera dei. Viss me klarar det har jubileet ein viktig funksjon. Eit av måla med dette heftet er å utfordra nokon etablerte «sanningar» og å hjelpe elevane til å tenkja kritisk.



Heftet er mynta på lærarar i mellomtrinnet til grunnskulen, men det skal ikkje vera vanskeleg å tilpassa aktivitetane til andre nivå ved å gjera dei litt enklare eller meir utfordrande. Heftet er delt inn i fire delar og er meint å fungera som ein ressursbank beståande av tekst, forslag til undervisingsopplegg med ulike aktivitetar og lenkjar til digitale ressursar. Fyrste del består av korte oversiktsartiklar med bakgrunnsmateriale om sentrale tema knytte til jubileet. Det er meint for at de som underviser skal kunna lesa dykk opp relativt raskt på det de sjølv ynskjer. Det er ikkje nødvendig å lesa alt, og mange av aktivitetane kan gjennomførast utan at de treng å lesa bakgrunnsmaterialet først. Del to består av forslag til oppgåver og aktivitetar som kan gjerast i klassen. Det er frittståande oppgåver som kan plukkast ut av dykk som kjenner elevane og veit kva som vil fungera i klassen dykkar og kva elevane vil synast er morosamt. De kan gjera alle oppgåvene eller berre éin. Nokon består av fleire delar, men det er fullt mogeleg å berre velja ut noko av dei. Nokre aktivitetar kan gjerast veldig tverrfaglege. Etter kvar aktivitet er det føreslått kva fag aktivitetane kan gjerast innanfor, slik at det skal vera enkelt å orientera seg i heftet. Del tre består av lenkjer til kjelder, fagartiklar og andre relevante ressursar som er eigna anten for lærarar som ynskjer å vita meir eller til å bruka i undervisinga. Her er det mykje som òg er eigna for både yngre og eldre elevar enn mellomtrinnet. Til slutt finn de rollespelet «Spelet på Krosshaugen». Dette er meint som eit skule-



kyrkje-samarbeid, og det kan enkelt tilpassast ulike skular og kyrkjer.

Opplegget er utvikla i tråd med og er relevant innanfor fleire kjernelement og kompetansekrav formulert i Utdanningsdirektoratets læreplanverk Kunnskapsløftet LK20. Heftet er utvikla av IKO kirkelig pedagogisk senter i samarbeid med Moster 2024 og Framtida junior på oppdrag frå Moster 2024. Rollespelet «Spelet på Krosshaugen» er utvikla av Skåre sokn. Alle illustrasjonar er laga av Egil Nyhus. Desse er henta frå boka *Moster iz da thing* av Bjørn Sortland, med løyve frå rettshavar. Heftet kan brukast saman med *Moster iz da thing* – dei to heng fint saman – men dei kan òg brukast uavhengig av kvarandre.


### **De kan lese meir om og bestille boka her:**

<https://moster2024.no/prosjekter/moster-iz-da-thing>

#### **Kva er mellomalderen?**


Mellomalderen er nemninga som vert brukt om perioden etter vikingtida i Norsk historie og fram til reformasjonen. Dateringa av mellomalderen varierer litt ut frå kva område me snakkar om. Europeisk mellomalder vert gjerne datert frå rundt år 500 etter vår tidsrekning (slutten på antikken) og fram til 1500-talet og det me kallar tidleg moderne tid. Det er også snakk om eit tidsspenn på tusen år. I norsk samanheng vert denne perioden delt inn i det me kallar vikingtida frå ca. 800 til ca. 1050 og mellomalderen frå ca. år 1050 til ca. 1550. I og med at tidsspennet for mellomalderen er såpass langt er det vanskeleg å seia noko generelt om perioden. Det var stor forskjell på tidleg og sein mellomalder.

Tidlegare var det vanleg å omtala mellomalderen som ei mørk og valdeleg tid som leia fram til opplysingstida, då kunnskap og vitskap blomstra. I dag er idéen om mellomalderen som ei tid der folket vart halden nede av brutale kongar og fyrstar og ei mektig kyrkje i stor grad korrigert, og perioden vert gjerne sett på som perioden då det moderne Europa tok form. Les meir om vanlege mytar om mellomalderen lengre ned i denne delen av heftet.



## Kva var kristenretten og Mostertinget?






Den sokalla «kristenretten» refererer til ei rekkje lover og reglar som skal ha vore etablert av kong Olav Haraldsson (Olav den heilage/Sankt Olav) og den engelske biskopen Grimkjell på eit tingmøte på øya Moster i Sunnhordaland rundt år 1024. Eit ting var ein arena der maktforhold spelte seg ut. Alle frie menn og kvinner med eige eigedom kunne møta og vere med å bestemma kva lover som skulle gjelda. Tinget fungerte òg som ein rettssal der dei som hadde gjort noko gale kunne dømast. På dette tingmøtet i 1024 skal kristendomen ha vorte innført ved lov som religion for det som då var heile Noreg. Det medførte at det vart vedteke ei rekkje nye lover som var i tråd med den nye religionen.

Dette er blant dei nye lovene me reknar med vart innførte på Moster:

- Det vart forbode for alle å arbeida sundagar
- Det vart forbode å setja nyfødde barn ut for å døy
- Det vart forbode å eta kjøt fredagar
- Det vart forbode å eta hestekjøt (for det vart brukt til heidenske ofringar)
- Det vart forbod mot heidenske ritual og ofringar
- Alle måtte døypast
- Det vart påbod om at alle skulle gravleggjast i kristen jord
- Det vart fastsett messedagar då alle skulle gå i kyrkja

Me skal utforska nokre av konsekvensane dette har hatt for Noregs historie og utvikling. Men aller fyrst: Kven var eigentleg Olav Haraldsson, og kven var denne Grimkjell, som han hadde med seg til Moster?




## Kven var Olav Haraldsson?


Olav har fått æra for å ha kristna Noreg og er Noregs viktigaste helgen. Men han har òg vorte framstilt som ein brutal viking som innførte kristendomen med makt. Det sanne biletet av han ligg nok ein stad imellom helgen og omsynslaus hærførar. I dag vert han som oftast omtala som Sankt Olav eller Olav den heilage. Men dette namnet har han fått etter at han døydde. Opphaveleg heit han Olav Haraldsson, men vart òg kalla Olav Digre, som kan tyde både stor og hissig på norrønt. Han er kjend for å ha vore brutal og omsynslaus og for å innføra kristendomen med makt. Ifølgje kjeldene fekk han òg mange fiendar.

Olav skal ha vorte fødd på slutten av 900-talet, og var kongsson. På denne tida var det mange kongar i Noreg; landet var delt inn i fleire småkongedøme, og ein snakka ikkje om Noreg som éin samla nasjon. Heile nasjonsomgrepet og idéen om nasjonar er mykje yngre. Olav vert skildra av Snorre Sturlasson som viljesterk, flink til å styra og organisera, sterk og godt likt, men òg vill, grufull, hemngjerrig, grisk. Frå tidleg av ynskte Olav å verte viking, han ville reisa ut og oppleva andre stadar og erobra land.<sup>1</sup> Det seiast at han reiste ut allereie som tolvåring, og store delar av livet sitt var han på reise, plyndra og erobra land, men òg grunnla byar, danna alliansar og henta impulsar utanfrå heim til Noreg. Ein av impulsane

<sup>1</sup> Faktaboks: Definisjonen til Store norske leksikon av viking: «Viking er i moderne språkbruk en handelsmann, landnåmsmann eller sjøkriger fra Norden som deltok i reiser til Vest- og Øst-Europa for å handle, bosette nytt land eller plyndre i perioden mellom cirka 800 og 1050.»




han kom tilbake til Noreg med var kristendomen, som han vart kjend med på reisene sine. Ifølgje tradisjonen skal han ha late seg døypa under eit opphold i Rouen i Normandie i år 1013 eller 1014. På eit tidspunkt bestemde Olav seg for å reisa heim og samla Noreg og verte konge i heile landet. I tillegg til å samla Noreg til eitt rike, ynskte Olav å spreia kristendomen for å sikra lov, orden, ro og fred i landet. Og han trudde nok at den einaste måten å gjera det på var å truga dei som ikkje ville fylgja han. Mange hadde allereie lært om kristendomen og vorte kristne før dette, men dei som ikkje ville vorte kristne vart tvinga. Anten måtte dei vorte kristne (la seg døypa) eller dei vart straffa eller landsforviste. Nokon vart drepne. Dette høyrast veldig brutalt ut i dag, og det *var* nok brutal. Men det er viktig å hugsa at dette skal ha hendt for tusen år sidan, og at Olav levde i eit ganske anna samfunn enn me gjer i dag. Og han var nok overtydd om at dette var det rette å gjera. På denne tida var det òg heilt normalt at kongen kunne bestemma kva folk skulle tru på. Men det betydde ikkje at folk likte det. Olav skal ha kome til Moster rundt år 1024, og med seg i fylgjet sitt hadde han den engelske biskopen Grimkjell. På Moster samla han andre kongar, biskopar og storbønder til eit ting, der dei skal ha vedteke kristne lover og reglar for kyrkja og folket. Det kallast i dag kristenretten, men vart lenge kalla Sankt Olavs lov.




På denne tida kjem Knut den mektige, som var konge av Danmark og England, til Noreg og vil taka landet frå Olav. Han freistar dei rike og mektige høvdingane med gull viss dei vil slåst på hans side. I tillegg lovar han dei at dei skal få tilbake mykje av den fridomen dei hadde mist då Olav innførte kristenretten. Dette gjorde at mange gjekk over til Knuts side. I tillegg hadde Olav allereie skaffa seg mange fiendar som ynskte Knut som konge og slutta seg til han.

Det kulminerer i eit slag på Stiklestad i Trøndelag, eit oppgjer mellom Olav og motstandarane hans etter at Olav har vore i eksil i Gardariket (dagens Russland og Ukraina) over lengre tid. Hæren som møter Olav på Stiklestad vert leia av Kalv Arnesson og Tore Hund. Forteljinga om Olav på Stiklestad seier at han skal ha kasta våpenet sitt og friviljug late seg drepa som ein martyr. Då liket seinare vart frakta til Nidaros for å gravleggjast, oppdaga ein at hår og nagler hadde haldt fram med å veksa og det dufta godt av liket. Dette vart oppfatta som eit mirakel og eit sikkert teikn på at Olav hadde lide martyrdauden. Kort tid etter vart det sett i gang ei rørsle for å heilagkåre Olav.

(Viss du vil læra meir om Olav den heilage kan du sjå videoen «Slik vart Olav 'den heilage'»:  
<https://www.youtube.com/watch?v=-EdD70UoJbY>).






Ifølgje tradisjonen utførte Olav ei rekkje mirakel etter si daud, og det utvikla seg raskt ein Olavskult som strakk seg langt utanfor Noregs grenser. Det vart bygd kyrkjer til ære for han i mange land og folk frå store delar av Europa byrja å valfarta til Nidaros for å besøkja grava hans. I dag er det framleis populært å reise på pilegrimsferd til Trondheim, men i mellomalderen var Nidaros eit av dei mest populære pilegrimsmåla i verda, saman med mellom anna Jerusalem, Roma og Santiago de Compostela. I Noreg igjennom mellomalderen var Sankt Olav den utvilsamt viktigaste helgenen ved sida av Jomfru Maria. Han vart sett på som ein martyr, men òg som eit samlande symbol for både kyrkja og Noreg, og han vart kalla «Noregs evige konge». Difor er han nok viktigare for ettertida si enn han var i samtida si. I dag seier me gjerne at det var Olav som førte kristendomen til Noreg. Dette er ei sanning med modifikasjonar, noko me kjem tilbake til. Me feirar han på den dagen han skal ha døydd, den 29. juli, som er vanleg praksis med helgenar. Denne dagen kallast Olsok.

(Les meir om Olav den heilage her:  
[https://snl.no/Olav\\_den\\_hellige](https://snl.no/Olav_den_hellige))

## Kven var biskop Grimkjell?


Grimkjell var ein engelsk biskop som tilhørde Olav Haraldssons hird (kongens krigsfølge og hoff). Han var Olavs rådgjevar i kyrkjelege og religiøse spørsmål, og var



dimed Olavs medhjelpar under innføringa av kristendomen i Noreg. Grimkjell fylgte antakeleg med Olav frå England til Noreg i år 1015 og fungerte som rådgjevar i hans hird inntil Olav døydde i 1030. Det seiast gjerne at det var Olav Haraldsson og biskop Grimkjell som saman etablerte kristenretten på Moster. Grimkjell skal òg ha spelt ei viktig rolle i samband med heilagkåringa av Olav i år 1031.

## Kristenretten


Det er ikkje so veldig mykje me veit sikkert om kristenretten på Moster. Og sjølv om kristendomen og kristenretten skal ha vorte innført eller vedteke på Moster, veit me ikkje akkurat kva lover som vart innførte akkurat der og kva som har kome til seinare. Det betyr heller ikkje at denne innføringa skjedde over natta eller at det ikkje fanst kristne i Noreg før kristenretten. Me har ikkje nokon nedskrive versjon av kristenretten slik han vart etablert på Moster, me veit ikkje ein gong om den vart skriven ned, eller om den berre vart formidla munnleg. Antakeleg vart vedtaka som vart fatta på Moster både vedtekne og vidareformidla munnleg i eit hovudsakeleg skriftlaust samfunn. På denne tida hadde ikkje Noreg noko anna skriftspråk enn runer, som fyrst og fremst vart bruk til å laga korte innskrifter i tre og stein, ikkje til lengre tekstar. Men ein har prøvd å rekonstruera kristenretten frå Moster basert på andre kjelder, mellom anna kva som er bevart i seinare, nedskrivne lover som ein trur kan stamma frå lovene som vart innførte på Moster. Likevel er



det also lite som er sikkert, både med tanke på kva som vart vedteke og akkurat kva som foregjekk og korleis. Men mykje tyder på at kongemakt og kyrkje (Olav og Grimkjell) kom fram til ei semje med bøndene om at ein frå då av skulle leva etter kristne lover og reglar og praktisera kristne skikkar og den kristne trua.


Blant kjeldene me har som har vorte brukt for å rekonstruera den tidlegaste kristenretten er dei sokalla gamle landskapslovene. Desse lovene stammar frå dei fire førkristne lovområda og tinga, Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting, og er oppkalla etter dei. Desse tinga vart etablerte i allfall rundt 800-talet, kanskje før, men på denne tida vart ikkje lovene skrivne ned. Det fanst norrøne lovkunnige som kunne lovene utanåt. Men lovene vart ikkje nedskrivne før kristninga førte med seg det latinske alfabetet som me òg brukar i dag. Då hadde òg lovverket utvikla seg og mellom anna teke kristenretten opp i seg. Nedskrivinga av desse landskapslovene er blant dei eldste skriftlege kjeldene me har i Noreg. Dei tek føre seg alle aspekt av samfunnet og livet, men dei har òg eigne bolkar som dreier seg om kyrkje og truspraksis. Desse kallast gjerne kristenrettane, og difor vart òg fire ulike kristenrettar vedtekne.

Mykje av det som står i desse fire er omrent likt, men det er òg ein del variasjonar som tyder på at dei har vorte til uavhengig av kvarandre, og at dei ikkje er direkte




kopiar av éin felles, eldre lovtekst. Men dei bevarte manuskripta som inneheld landskapslovene er likevel veldig mykje seinare enn kristenretten på Moster. Dei er nemleg frå slutten av 12- og byrjinga av 1300-talet, dvs. 250-300 år etter hendingane på Moster. Difor er det uvisst kor mykje desse kan fortelja om kva som faktisk vart vedteke på Moster og kva som har kome til i seinare tid. Kristendomen hadde jo då spreidd seg i landet, etablert seg i befolkninga og utvikla seg over ganske lang tid. Me kan difor snakka om kristenretten frå Moster som ein tidleg, opphaveleg lov som kontinuerleg vert bygd ut og lagd til. Det me ser i kristenlovene i dei seinare nedskrivne landskapslovene og i Landslova frå 1274 er med andre ord heller ein konsekvens av Mostertinget enn ei konkret attgjeving av det som vart diskutert på Mostertinget.

Me kan rekna det som heilt sikkert at kristenretten ikkje hadde nokon særleg umiddelbar effekt, men den sette i gang ein viktig prosess. Det fanst ingen etablert kyrkjeorganisasjon eller noko statsapparat som formidla eller handheva kristenretten. Dei norske kristenrettane er sannsynlegvis ikkje skrivne ned før på 1100-talet, og slik dei finnast i dei bevarte manuskripta, som er endå seinare, er dei nok prega av den utviklinga som har skjedd sidan Mostertinget. Dei speglar nok difor heller den tida dei er skrivne enn kva som faktisk vart vedteke på Moster rundt år 1024. Men kristendomen fekk gradvis meir innpass og vart gradvis meir og meir organisert.




Og sjølv om pendelen har svinga igjennom historia, og det ikkje alltid berre har gått frå vondt til betre, kan me seia at denne prosessen har hatt tyding for utviklinga av nokre av dei verdiane me i dag ser på som kjerneverdiar: fridom, demokrati, likeverd og rettsvern (dette kan du læra meir om i desse filmane med rettshistorikar Jørn Øyrehaugen Sunde: <https://moster2024.no/tema>). Lover og reglar vert bytte ut og vert heile tida forbetra igjennom historia, heile tida i forsøk på å gjera samfunnet betre. Dette er ei heilt naturleg utvikling. Etter kvart som lover og reglar vert meir og meir integrerte i samfunnet og etablerer seg som sjølv-sagde skikkar eller delar av kulturen, kan ein seia at målet med loven er oppnådd, og den trengjast ikkje lenger. Men etter kvart som samfunnet utviklar seg får ein behov for nye lover og reglar for å regulera samfunnet. På grunn av denne naturlege utviklinga er ingen av dei reglane som skal ha vorte etablert på Moster del av det Norske lovverket i dag. Ein kan difor kanskje spørja seg om kvifor me skal kunne noko om desse lovene i dag? Men, som historikar Torgeir Landro konkluderer: «Spør man derimot om Mostertingets *betydning* og retter oppmerksomheten mot *konsekvensene* av tingvedtaket heller enn selve vedtaket, stiller saken seg annerledes. Om ikke Mostertinget har utgjort et tyngdepunkt, har det sannsynligvis vært et viktig *startpunkt* for en gradvis samfunnsomforming, og banet vei for det sedskiftet<sup>2</sup> som ble nærmere konkretisert i den etterfølgende lovgivningen. Det skulle således fremdeles være

<sup>2</sup> «(gjennomgripende) forandring i tilvant (religiøs) sed og skikk» (<https://naob.no/ordbok/sedskifte>)



gode grunner for å markere et jubileum i 2024» (Landro 2018: 23).





## Kulisteinen:

Kulisteinen er ein Stein med ein veldig gammal, viktig runeinnskrift. Den har fått namn etter øya Kuli i Smøla kommune der den opphavelig stod. Denne innskrifta er det fyrste beviset me har for bruk av namnet Noreg, og den har difor vorte kalla Noregs dåpsattest. Men runeinnskrifta på steinen er interessant av andre grunnar òg. Det står nemleg:


*Tore og Halvard reiste denne steinen etter Ulfjot  
Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg*

Denne innskrifta er ein stor del av grunnen til at kristenretten vert datert til nett 1024. Kulisteinen har nemleg tradisjonelt vorte datert til år 1036, og kristenretten til tolv år før det att. Men kva har kulisteinen med kristenretten på Moster å gjera? Moster er jo ikkje nemnd i innskrifta. Ifølge Snorre, som har skrive soga om Olav den heilage, vart kristninga av Noreg fullført med kristenretten på Moster. Me veit jo at det hadde vore kristne i Noreg lenge før Olav Haraldsson; difor vert denne innskrifta knytt til Moster, og den «offisielle» kristninga av Noreg med kristenretten.\*

\* Dette er berre éi datering og tolking av Kulisteinen og innskrifta på den. Det finnast andre tolkingar og dateringar òg.  
(kjelder: <https://www.ntnu.no/museum/kulisteinen>, <https://snl.no/Kulisteinen>)

## Landslova

Kristenretten munnar ut i Landslova av 1274, òg kalla Magnus Lagabøtes landslov. Lova er basert på dei fire lagtinga (Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting), som me framleis har den dag i dag. Verken kristenretten eller Landslova av 1274 er altso nok a byrjing på norsk retts- og lovtradisjon, sidan dei fire lagtinga antakeleg stammar frå 800-talet, men del av ein lang prosess med fleire historiske lag. Landslova var det fyrste lovverket i Noreg som gjaldt for heile landet. I 2024 feirar me ikkje berre at det er tusen år sidan etableringa av kristenretten på Moster, men òg at det er 750 år sidan Magnus Lagabøtes landslov vart etablert.




## Kristenrettane og verdiar

Kristendomen og kristenrettane var altso startskotet for ein lang prosess, og med denne prosessen kom nye verdiar og idéar. Kristendomen vart driven fram og praktisert igjennom påbod og forbod, og det var nok få som la seg opp i kva ein personleg, innerst inne trudde, so lenge ein var døypt og fylgde dei kristne lovene. Kristenretten styrte folks ytre åtferd, ikkje naudsynlegvis deira indre tru. Lovene kom til å regulera alle sider av samfunnet og folks kvardagsliv frå fødsel til daud, som matskikkar, arbeid, religiøst liv, ekteskap m.m.

Ein av dei viktigaste og kanskje mest banebrytande tankane som kom med kristninga var idéen om *likeverd*. Denne idéen kan me sjå ligg til grunn for fleire av lovene som me i dag reknar som delar av kristenretten. Ein av bodskapa i den nye trua var at Gud har skapa alle menneske, at han elskar ALLE menneske, at han er venen til alle menneske, og at alle er like mykje verd. Dette var ein revolusjonerande tanke, og den hadde konsekvensar for tanken om korleis ein skulle behandla medmenneska sine. Og nett fordi alle menneske er like mykje verd, gjaldt òg lovene for alle, òg trælar, kvinner, barn osb. Dette var noko nytt.


Det kan til dømes verka som ein sjølvsagt ting for oss at alle no skulle gravleggjast på same gravplass, både fattig og rik, trælar og storbønder, kvinner og menn. Men på



denne tida var dette ein veldig framand tanke. Tidlegare hadde mektige høvdingar gjerne fått ein stor gravhaug der dei vart gravlagt saman med flotte eidedelar som dei skulle ha med seg inn i dødsriket. Andre, mindre mektige, men frie menn og kvinner vart gjerne gravlagt på ulike gravfelt med fleire graver, medan daude trælar kanskje vart hive i ein myr eller på sjøen. Skulle no alle verte gravlagt same stad, som om det ikkje var nokon forskjell på dei? Det må seiast at det ikkje riktig var so enkelt, ei slik endring kunne ikkje skje over natta. For sjølv om kristenretten førte til at alle skulle gravleggjast på same kyrkjegard, vart dei rike gravlagt nærest kyrkja, medan dei fattige låg lengst unna, og kvinner og menn låg på kvar si side av kyrkja. Folk var med andre ord ikkje *heilt* likeverdige likevel.


Påbodet om dåp gjaldt òg for alle, uansett rang, og det same gjaldt påbodet om å halda kviledagen heilag og å gå til messe til fastsette messetider. At òg trælar fekk fri ein dag i veka var heller ikkje sjølvsagt, sjølv om det er noko me tek for gitt i dag. Sjølv om det i stor grad er fagforeiningar og arbeidarorganisasjonar som har forhandla fram dei rettane me har i arbeidslivet i dag, med helgar og fridagar, ferie og regulert arbeidstid, kan me kanskje seia at i Europa starta det heile med kristendomen og kravet om å halda kviledagen heilag.

MOSTER



2024






## Kristna Olav den heilage Noreg med sverd?

Olav den heilage skal ha vore so brutal i framferda si då han reiste rundt for å kristna landet, at det ofte vert sagt at han «kristna landet med sverd» og at alle som ikkje lét seg kristna vart drepne. Det stemmer nok at Olav fór fram på relativt brutal vis, i allfall etter standardane våre. Men me må hugsa på at Olav var ein viking, og at dette var ei ganske anna tid. Olav trudde nok at det han gjorde var det rette. Og på denne tida var det heilt normalt at kongen kunne bestemma kva folk skulle tru på, og at ein måtte lyda kongen. Viss ein nekta å la seg kristne (det vil seia å la seg døypa) måtte ein i beste fall forlata landet, men ein risikerte òg å verte straffa eller i verste fall drepe. Samtidig er det veldig viktig å vera klar over at mange i Noreg allereie var kristne på denne tida, og mange hadde vore det i fleire generasjonar. I tillegg var det mange som tok til seg den nye trua heilt friviljug. Dette var trass alt ein prosess som hadde gått føre seg lenge allereie. Særleg i kystrnære områdar, det folket ofte hadde meir kontakt med verda utanfor og fekk impulsar utanfrå var kristninga allereie kome langt. Det er difor meir nyansert enn at Olav tvinga kristendomen på eit heilt uviljig folk som tviheldt på den gamle trua si, slik det gjerne vert framstilt.

## Institusjonaliseringa av kristendomen

Mange av dei lovene som kom med kristendomen fanst allereie i Europa og vart tekne med til Noreg saman med andre idéar og impulsar. Fleire av lovene var henta frå sokalla kanonisk rett, som var lovverket til den katolske kyrkja. Desse forplikta viss ein ynskte eit kristent samfunn og ideologien til kyrkja. Fastsettelsen av messe-dagar, altso bestemde dagar då alle skulle gå til messe (gudsteneste) er eit døme på dette. Det er altso ein større, fellesueuropeisk tradisjon som kjem til Noreg. Men for at dei nye lovene skal få fotfeste i samfunnet og kulturen må ein verte samde med folket om ein del av desse påboda og forboda. Det er denne prosessen som kan ha starta




på Moster rundt år 1024, sjølv om me ikkje veit nøyaktig kva som vart etablert på akkurat dette tingmøtet. So sjølv om kristendomen allereie hadde eksistert i Noreg i lang tid, markerer Mostertinget rundt 1024 starten på institusjonaliseringa av kristendomen.

Men i kva grad vart kristenrettane eigentleg handheva? Det er uvisst i kor stor grad dei kristne lovene vart handheva og kor mykje folk haldt fram med å praktisera tidlegare skikkar bak lukka dører i den fyrste tida etter Mostertinget. Det varierte nok òg frå stad til stad, og ikkje minst tok det nok lang tid før folk som budde i andre delar av landet vart klar over dei nye lovene. Ein var pragmatiske, og det var nok mange som til dømes dreiv med bloting (norrøne offerfestar og ritual) bak lukka dører utan at nokon blanda seg i det. Forbodet mot å setja uynskte barn ut for å døy var absolutt etter kanonisk rett, men det betydde ikkje naudsynlegvis at det alltid vart overhalde etter innføringa av kristenretten. I tillegg fanst det til dømes unnatak for sterkt misdanna barn. Det var nok heile tida forhandlingar og lokale tilpassingar.

## Heilaggjeringsa av Olav

Sjølv om Olav den heilage vert sett på som ein viktig konge i noregshistoria, har han nok vore aller viktigast for ettertida si som helgen snarare enn på grunn av kongs gjerninga si. Han var som tidlegare nemnt ein upopulær



konge, og mange vil kanskje òg seia ein mislukka konge. Men det fanst sterke kreftar som var glade i Olav og som meinte at han hadde lide martyrdauden på Stiklestad og at han difor var heilag. Allereie året etter at han døydde – i 1031 – vart liket hans grave opp. Ifølgje tradisjonen hadde hår og naglar vakse, og han dufta godt. Lekamen vart erklært heilag av kyrkja, og vart flytt til Klemenskyrkja i Nidaros og seinare til Nidarosdomen då den vart byggja på 1100-talet. Det er ikkje mange som vert erklært heilag allereie året etter at ein dør. Olav vart raskt ein populær helgen, og dyrkinga av han spreidde seg til store delar av Nord-Europa og folk byrja å valfarta til Nidaros for å vitja graven og relikviane hans. Han får òg tittelen Noregs evige konge, i tillegg til Olav den heilage og Sankt Olav.

I Noreg vart Olav raskt enormt populær og har vore det opp igjennom heile historia. Det finnast tallause Olavemytar frå heile landet, og i kyrkjekunsten er Olav den mest avbilda helgenen i Noreg etter Jomfru Maria. Òg i Europa vart det bygt Olavskyrkjer og Olavsaltere fleire stader.

Når det gjeld kristenretten kan ein kanskje seia at noko hende på Moster på 1020-talet utan at me veit heilt sikkert kva, men det sette i gang ein prosess med innføring av kristne lover og institusjonalisering av kristendomen. Med heilaggjeringa av Olav etter slaget på Stiklestad og den betydelege posisjonen Olav fekk, har det vore viktig å tilleggje Olav mykje av æra for både kristninga og dei




kristne lovene i etterkant, òg for å gjera den kristne lova heilag. Ein kan kanskje konkludera med at Olav var ein litt mislukka konge som vart ein vellukka helgen, og at året 1031 – året han vart erklært heilag – eigentleg er det mest avgjerande året for Olav den heilage si tyding i historia.



## Mytar om mellomalderen

Det er viktig å sjå bakover i tid dersom me ynskjer å forstå kva som har forma oss og kvifor me har vorte som me er. Sånn sett er jubileum nyttige. Dei kan tvinga oss til å stoppa opp og reflektera over noko i historia som har hatt tyding for ettertida, men som me ikkje vanlegvis tenkjer over. Men me vert òg forma av fordomar, mytar og stivna førestillingar som har vorte so aksepterte at dei har




gått inn i røynda vår som vedtekne sanningar som ingen stiller spørsmål ved. Jubileum er òg gode høve til å henta fram desse og korrigera dei, bevisstgjera og prøva å unngå at dei held fram med å reproduserast som sanningar som snik seg inn i lærebökene våre. Her er tolv mytar om mellomalderen og om Olav den heilage som det kan vera greitt å få avliva i samband med tusenårsjubileet.

### **1. I mellomalderen trudde folk at jorda var flat.**

Dette er ein av dei mest utbreidde mytane om mellomalderen, og han har funne vegen inn i fleire lærebøker. Men det stemmer ikkje at folk trudde at jorda var flat i mellomalderen, det var ei kjend sak blant både kyrkja, lek og lærde at jorda var rund som ei kule. Jordas form var kjend allereie lenge før vår tidsrekning, og vart skildra av mellom anna Pythagoras (570-500 fvt.) og Aristoteles (384-322 fvt.) i det gamle Hellas. Den kjende teologen og kyrkjefaderen Augustin (354-430 evt.) skreiv om jordas kuleform, og den er òg omtalt i eit av dei mest kjende norrøne verka, *Kongsspeglene*, frå 1200-talet. I tillegg var det vanleg i kyrkjekunsten å framstilla både Kristus, Sankt Olav og andre kongar med ein jordklode med ein kross på, ein sokalla *Globus cruciger*, som symboliserer Jesu herredøme over verda.


Denne myten har antakeleg opphavet sitt i ein biografi om Christopher Columbus skrive av den amerikanske forfattaren Washington Irving i 1828. Der ville han visa



kor vitlause og trongsynte folk, og særleg kyrkja, var i mellomalderen, og med dette oppstod sannsynlegvis førestillinga om at «alle» trudde at jorda var flat som ei pannekake (sjå t.d. <https://fagsjekk.no/folk-troddet-jorda-var-flat-i-middelalderen/>, <https://forskning.no/historie-forskningens-historie/da-jorda-ble-flat/> 1045244, <https://www.vl.no/meninger/verdide-batt/2010/04/23/grunnskolen-med-fordommer-pa-pensum/>).

## **2. Folk var dumme og vitlause i mellomalderen, og kyrkja motarbeidde framsteg og vitskap**


Denne myten heng saman med myte nr. 1. Men det var ikkje sånn at alle var dumme og uutdanna i mellomalderen. Dei fyrste sentera for lærdom og kunnskap vart oppretta i kloster i mellomalderen. Faktisk oppstod dei fyrste universiteta i mellomalderen. Universitetet i Bologna i Italia vert rekna som det eldste universitetet i verda, og vart oppretta i år 1088. Ved Oxford i England skal det ha føregått undervising i teologi sidan 1096, sjølv om skipinga av universitetet vert datert til år 1167. Det stemmer heller ikkje at kyrkja motarbeidde vitskapen. Faktisk var det kyrkjer og kloster som grunnla mange skular og universitet og mennene og kvinnene til kyrkja var blant dei mest lærde på denne tida, og dei dreiv med mykje meir enn berre teologi. Til dømes var munken Johannes de Sacrobosco, som verka ved Universitetet i Paris på 1200-talet, òg matematikar og astronom. Han skreiv



mellom anna eit verk om nettopp jordas form, *De sphaera mundi* («Om jordas sfære») i år 1230. Universitetas tre hovuddisiplinar igjennom mellomalderen var teologi, medisin og juss.

### **3. I mellomalderen føregjekk heile messa (gudstenesta) på latin og folket forstod ikkje noko av kva som gjekk føre seg**

Det er òg ei svært vanleg førestilling at alt som føregjekk under messa var på latin, slik at folket ikkje forstod noko av kva som vart sagt og forstod dimed heller ikkje noko særleg av sin eigen religion. På denne måten heldt kyrkja folket nede ved at dei ikkje fekk mogelegheita til å danna seg eigne oppfatningar om trua si. Denne oppfatninga kom med reformasjonen på 1500-talet og har vore vanleg sidan. Førestillinga går ut på at det var fyrst med reformasjonen at folkespråket vart innført i gudstenesta. Men det er ei sanning med store modifikasjonar. For sjølv om liturgien (dei faste ledda i gudstenesterituallet) gjekk føre seg på latin i mellomalderen, vart preika heldt på folkespråket, i tilfellet vårt norrønt. Og preika bestod gjerne av forklaringar på liturgien (rituala) og bibeltekstane som vart lesne på latin. Det er mykje som tyder på at folket hadde god forståing for kva som gjekk føre seg i messa og at dei oppfatta den som meningsfull. Det er òg mykje som tyder på at kyrkja ynskte og jobba for at dykkar bodskap skulle vera forståeleg for tilhøyrarane. Kyrkja hadde ansvaret for å læra opp og rettleia folket i trua, og




det var viktig å unngå vranglære og opplysa slik at folk kunne leva som gode kristne.

#### **4. Det var forbode å omsetja Bibelen**

Ei vanleg oppfatning har vore at kyrkja forbaud bibelomsetjingar i mellomalderen, og at ein av dei fyrste bibelomsetjingane til eit folkespråk var Luthers tyske omsetjing i 1522. Men det fanst faktisk diverse bibelomsetjingar før Luthers tyske omsetjing. Den latinske Bibelen som var i bruk igjennom heile mellomalderen vert kalla *Biblia Vulgata*, og vart omsett frå gresk på 400-talet. *Biblia Vulgata* kan omsetjast til «folkebibelen», og vart omsett nettopp for at folk skulle forstå innhaldet. På denne tida var latin Europas *lingua franca*, det språket som vart talt og skrive over heile Europa, litt som dagens engelsk. Men det finnast òg bibelomsetjingar på mange andre språk som er mykje eldre enn Luthers tyske omsetjing, og som viser at det slett ikkje var forbode å omsetja Bibelen. Det finnast til dømes ein gotisk (germansk) Bibel frå 300-talet som kallast Wulfila Bibel etter den gotiske kongen Wulfila. Det finnast ein armensk Bibel frå år 425, og deler av ei engelsk omsetjing frå 900-talet. Og i 1518, fire år før Luther kom med omsetjinga si, fanst det så mykje som 22 ulike germanske omsetjingar som var i trykk!


Det faktumet at det vart vanlegare og vanlegare med biblar på folkespråk etter reformasjonen heng nok vel så



mykje saman med spreininga av trykkekunsten som sjølve reformasjonen. Det vart billegare og enklare å trykkja store opplag med biblar og dimed vanlegare for folk å eiga og lesa sin eigen Bibel. Sjølv om Bibelen stort sett var på latin i mellomalderen, var det ikkje slik at bibeltekstane, bibelforteljingane og bodskapen i Bibelen var utilgjengeleg for folk flest. Bibelen tok mange former og vart omsette, forklåra og utlagde på ulike folkespråk igjennom heile mellomalderen. I tillegg vart forteljingane framstilte igjenom kyrkjekunsten.

## 5. Folk vart ikkje meir enn 30 år gamle i mellomalderen

Det stemmer at *gjennomsnittsalderen* var låg, og kanskje ikkje noko særleg meir enn 30 år i mellomalderen, men det betydde ikkje at folk ikkje vart gamle eller at ein vart sett på som ein olding når ein var 30 år. Denne misoppfatninga kjem snarare av at det var høg barnedøyning og at mange generelt døydde relativt unge som konsekvens av pest, epidemiar, krigar og andre ting. Alderdomen starta i 50-60-årsalderen; frå denne alderen byrja ein å verte sett på som gammal. Augustin, som levde på 3-400-talet vart 76 år (354-430). Theodor av Tarsus vart erkebiskop i Canterbury i ein alder av 67 år og sat fram til han døydde 21 år seinare. Han vart også 88 år (602-690). Og den fyrste kvinnelege forfattaren som skreiv på engelsk, Julian of Norwich, vart 81 år (1342-1423). I dei heilage visjonane sine skriv ho at ho fekk visjonane då ho var «ei ung kvinne på 30 år».




## 6. Folk vaska seg ikkje i mellomalderen

Folk var nok ikkje like reinslege og velduftande i mellomalderen som i dag, men det finnast ei rekkje reguleringar for offentlege bad, handtering av søppel og kloakk etc. Dette kan me òg sjå fleire spor etter i arkeologiske utgravingar. Byane hadde både innandørs og utandørs bad, dei fleste offentlege, men òg nokre private. Paris hadde på 1200-talet heile 32 offentlege bad! Og på den tida var Paris ein mykje mindre by enn han er i dag. Det vart produsert og brukt såpe, og det var vanleg med handvask før måltid.

Faktisk skal ein ha sluttat med handvask på 1500-talet, då gaffelen tok over og ein sluttat å eta med hendene. Gaffelen er elles mykje eldre, og var i omlaup lenge før dette, men vart vanlegare frå seinmellomalderen og framover. Den vart lenge sett på som noko jáleri. Det finnast kjelder frå 1000-talet som fortel at nokon såg på det som ei krenking mot Gud å eta med gaffel, sidan Gud hadde utstyrt oss med ti naturlege gaflar!

## 7. Vatnet var so forureina at ein måtte drikka vin og øl

Det fanst mange kjelder til reint vatn, og folk visste at vatn var sunt å drikka. Men på same måte som at det kanskje ikkje er so spennande å lesa om at folk drikk vatn i dag, var dette heller ikkje noko ein skreiv så mykje om i mellomalderen. Men den engelske munken og forfattaren Ælfric of Eynsham er klar på kva han føretrekkjer: «Ale if I have any, or water if I have no ale»!



## **8. Heksebrenningar var vanleg i mellomalderen**


Heksebrenningar er eit fenomen mange forbund med mellomalderen. Men heile idéen om hekser var nærast ukjent opp til 1300-talet. Det finnast nokre få døme på heksebrenningar frå seinmellomalderen (etter 1300-talet), men dette fenomenet hører primært til tidleg moderne og moderne tid (1500-tal og framover).

## **9. Det var ikkje noko mangfald i mellomalderen**

Det er lett å tenkja at globalisering og mangfald er moderne fenomen og at Europa var heilt kvitt inntil ein byrja med slavehandel frå Afrika frå 15-1600-talet og framover. Men mellomalderen var prega av utbreidd reiseverksemd i form av mellom anna handel, krosstog og krigar, arbeid og pilegrimsferd. Dei større byane var gjerne prega av stort mangfald. Folk blanda seg og gifte seg på tvers av rase og tru. Homoseksualitet var heller ikkje uvanleg, sjølv om det ikkje var like akseptert og kom like mykje til uttrykk som i dag. Harald Hårfagre skal ifølgje soga om han ha vore gift med ei samekvinne som het Snøfrid (les meir om Snøfrid og Harald Hårfagre her: <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-5841>).

## **10. Vikingane hadde hjelmar med horn på**


I gjennom populærkulturen har me lært at vikingane brukte hjelmar med horn på når dei kriga. Dette er med på å framstilla dei som ekstra fryktinngytande. Men det er ikkje noko som tyder på at dette stemmer. Førestillinga om



hjelmane med horn på kan faktisk stamma frå den tyske komponisten Richard Wagners opera *Niebelungenringen*. Denne operaen er inspirert av norrøn og germansk mytologi, og under urframføringa i 1876 var nokon av rollene utstyrte med hjelmar med horn. Dette spreidde seg og har vorte ein del av populærkulturen. Likevel har det vorte funne hjelmar med horn på kontinentet som er mykje eldre enn vikingtida (les meir om dette her: <https://www.forskning.no/vikingtiden/vikingene-hadde-ikke-hjelmer-med-horn/1993952>).

### **11. Slaget på Stiklestad var eit slag mellom heidenskap og kristendom, der kristendomen sigra sjølv om Olav tapte**


Denne vanlege førestillinga er nok litt forenkla. Som me har vært inne på allereie fanst det mange kristne i Noreg før Olav Haraldsson (den heilage), og både kong Håkon den gode og Olav Tryggvason, som herska før Olav Haraldsson var kristne kongar som forsøkte å bringa kristendomen til Noreg. Det finnast òg fleire teikn på at det fanst kristne i Noreg lenge før desse kongane, mellom anna kross og innskrifter som er mykje eldre. Det er all mogleg grunn til å tru at det var om lag like mange kristne som kjempa mot Olav på Stiklestad som dei som kjempa med han. Men Olav var ein upopulær konge, so slaget sto nok meir om makt og politikk enn om kristentru og heidenskap.



## 12. Olav den heilage innførte kristendomen til Noreg


Igjen, her må det nok nyanserast noko. Som nemnt i myten over fanst det mange kristne i Noreg før Olav den heilage. Men det er nok inga tvil om at han bidrog til å gjere Noreg til eit kristent land. Han starta prosessen med å lovfesta kristendomen som einaste religion i Noreg og med innføring av kristne lover. Med det starta òg institusjonaliseringa av kristendomen.





## FUNFACTS

1. Det er Olavs øks som blir halde av løva i Noregs riksvåpen
2. I framstillingar av Olav i kyrkjekunsten tråkkar han ofte på ein drake. Men visste de at denne draken ofte har Olavs andlet? Det kan tolkast som at han overvinn sin eigen indre demon eller vondskap.
3. Det finnast eit Olavsalter i Roma, i kyrkja San Carlo al Corso, den største handlegata midt i Roma.
4. Over 60 kyrkjer i verda er oppkalla etter St. Olav.
5. Det finnast ei Olavskyrkje i India  
(les meir om denne her: <https://kulturpunkt.org/article/5510/>).
6. Det finnast ein Olaf road i Dublin i Irland.
7. I vikingtida var Dublin ein tospråkleg by, der ein tala norrønt og irsk om kvarandre.
8. I seinmellomalderen var Olav det vanlegaste gutenamnet i Noreg
9. Gutenamn som Ole, Ola og Olaf er alle variantar av Olav
10. Ein kan verte kalla til riddar av Den Kongelege Norske Sankt Olavs Orden viss ein har utmerka seg. Eller ein kan verte pasient på Sankt Olavs hospital viss ein vert sjuk.




## Del 2 Aktivitetar

### **Oppgåve om religionskritikk: Denne oppgåva passar innanfor faga norsk, KRLE og samfunnsfag**

I denne oppgåva skal elevane øva seg på å taka standpunkt, å kunne taka ulike perspektiv og argumentera sakleg. Det finnast mange misforståingar og mytar knytt til fortida, og ikkje minst rundt so sentrale periodar som vikingtida og skikkelsar som kong Olav Haraldsson. Ein del ting har nok vorte betre med åra, men var alt verre før? Eller finnast det ting som var betre før i tida? Presenter to motstridande standpunkt og la elevane debattera og øva på å finna ein sakleg vinkling. Elevane kan anten delast inn i to og to eller grupper på fire (med to elevar på kvar side av debatten), eller klassen kan delast inn i to sider og jobba saman i to grupper med å førebu argument før dei debatterer. Eventuelt kan dei øva seg i mindre grupper før ein større klasseromsdebatt.


Forslag til tema som kan debatterast (men her er det berre fantasien som set grenser):

- Norrøn tru vs. kristen tru: det var ikkje slik at kristendomen vart tvinga på alle nordmenn, dei aller fleste lét seg kristna heilt av eigen fri vilje, og mange lenge før Olav Haraldsson reiste igjennom landet og «kristna med sverdet». Kva var det som appellerte



ved kristendomen som gjorde at folk tok den nye trua? Kva var fordelane ved den førkristne trua eller ulempene ved kristendomen som gjorde at nokon ikkje ville la seg kristne?


- Vel ut eit par eller nokon av kristenlovene som vert knytte til Moster og la elevane diskutera fordelar og ulempar ved dei. Her kan nokon representera perspektivet til høvdingane og storbøndene medan andre representer perspektivet til folket og trælane.
- Kvifor vel menneske å tru/ikkje tru? Det er lett å tenkja at religion er dumt, unaudsynt og utdatert. Men ifølgje NDLA høyrer 84% av befolkninga i verda til ein religion, medan 16% oppgjev at dei ikkje høyrer til nokon religion (<https://ndla.no/nb/subject:e2822da-52f0-4517-bf01-c63f8e96f446/topic:b1443a6c-f849-4412-af4fa29fcc61e776/topic:f84b06c7-8343-4b42-9b82-57eacc717322/resource:1:188739>).  
La elevane diskutera kvifor dei trur det er slik.
- Religion vert gjerne knytt til bestemde verdiar og haldningar. Samtidig er det ein del verdiar som er felles for dei fleste samfunn og for dei fleste i eit samfunn, uavhengig av religiøs tilhøyring. Kva skil det å vera religiøs frå det å vera ikkje-religiøs – kva har ein felles og kva er ulikt? Er det bestemde



verdiar som er ålmennmenneskelege uavhengig av religiøs og kulturell tilhøyring? Kvifor er det slik, og kva verdiar gjeld i so fall dette? Kvifor akkurat desse verdiane?

- Samfunnet vårt er i dag prega av stort mangfald, både kulturelt, etnisk og religiøst. Kva skal til for at landet me lever i, og verda elles, skal vera ein god plass å vera på tvers av religionar og livssyn? Her kan gjerne linene trekkjast tilbake til måten kristendomen vart introdusert på for folk på 1000-talet.

Poenga frå debattane vert noterte i fellesskap, elevane kan diskutera det som har vorte sagt og velja ut poenga dei meiner er viktigast, og dei kan få oppgåver knytte til desse. Til dømes kan dei velja ut eit punkt frå diskusjonen å gå vidare med i ein individuell skriveoppgåve eller liknande.




## Tverrfagleg oppgåve om generasjonar og fortid

**Denne oppgåva passar for faga norsk, samfunnsfag, KRLE, kunst og handverk og matematikk**

Intervju ein familiemedlem (besteforelder etc.): Korleis var det å veksa opp før i tida? Denne oppgåva er tverrfagleg og består av fleire delar, men det er ikkje naudsynt å ha med alle delane. Det er òg mogeleg å plukka ut det som passar best i klassen din eller til opplegget ditt. Ein reknar med at ein generasjon er om lag 30 år. Intervju ein familiemedlem (helst frå besteforeldregenerasjonen, men foreldregenerasjon går òg fint) om korleis det var å veksa opp då dei var barn. Kva hadde dei og kva hadde dei ikkje som me har i dag? Var det annleis å gå på skulen? Lærte dei andre ting, eller omtrent det same som i dag? Kva gjorde dei på fritida? Hjelp gjerne elevane med å finna på gode spørsmål eller la dei finna på spørsmål sjølv, anten på eiga hand eller i klassen før dei skal intervjua.

**Rekneoppgåve:** Kor mange generasjonar er det sidan intervjuobjektet var barn? Og kor mange generasjonar er det sidan kristenretten på Moster vart vedteken? Rekna ut. Kor mykje lenger er det sidan kristenretten på Moster enn sidan intervjuobjektet vart fødd? Rekna ut.




**Teikneoppgåve:** La elevane teikna sitt eige slektstre (og oppmoda dei gjerne til å inkludera bonusforeldre/bonusbesteforeldre/bonussysken etc. Det dei sjølv tenkjer på som familie i vid forstand).

**Refleksjonsoppgåve:** La elevane reflektera over korleis dei trur det var å leva for tusen år sidan, samanlikna med då den dei har intervjuva var barn og korleis det er i dag. Kva hadde dei, kva hadde dei ikkje for tusen år sidan? Korleis så dagane ut? Gjekk dei på skule? Her kan òg Tidsreisa brukast (<https://tidsreisa.moster2024.no/>), og de kan bruka andre eller fleire tidspunkt i historia. Elevane han anten reflektera skriftleg, i par, i grupper eller saman heile klassen.

### Utforskningsoppgåve

**Denne oppgåva passar for faga samfunnsfag, norsk og KRLE**

Presenter nokre vanlege førestillingar, mytar og fordomar om kristendomen, kristningsprosessen, vikingane etc. Stemmer dei, er dei mytar, eller reine fordomar? Her kan ein taka utgangspunkt i mytane om mellomalderen presentert i dette heftet eller andre delar av tekstane i heftet, eller ein kan presentera andre typiske fordomar eller førestillingar som er meir dagsaktuelle, til dømes knytte til islam, jødedom eller andre religionar, til andre kulturar eller andre samfunnsrelevante tema. Me har ofte fordomar



mot det som verkar framandt og som me ikkje kan identifisera oss med. Korleis og kvifor oppstår desse fordomane? Elevane kan jobba åleine, i par eller i grupper og brukar internett, eller det kan vera ein skriveoppgåve. Her får elevane mellom anna øva seg på kjeldekritikk og kritisk tenking.




## Utforsk Tidsreisa

<https://tidsreisa.moster2024.no/>

### **Denne oppgåva passar for faga samfunnsfag og norsk**

La elevane utforska Tidsreisa i klasserommet. Klassen kan til dømes delast inn i grupper og få eit tidsspenn (t.d. eit hundreår) kvar som dei skal utforska. Kva kjenneteiknar denne perioden? Plukka ut nokre viktige hendingar og personar. Kvifor er desse viktige? Korleis har dei prega ettertida, ser me spor etter dei i dag? Metoden «Think, pair, share» kan eigna seg godt her (<https://www.structural-learning.com/post/think-pair-share-a-teachers-guide>). Elevane kan utforska Tidsreisa på eiga hand først, so snakka saman




og jobba i gruppe eller par, og so presentera tidsspennet sitt for resten av klassen.

## Spor av tru

### **Denne oppgåva passar for faga samfunnsfag, norsk, KRLE, kroppsøving og skule-kyrkje-samarbeid**

Denne oppgåva kan passa fint som skule-kyrkje-samarbeid, men kan òg berre gjerast på skulen. Tru er representert i nesten alt me omgjev oss med viss me ser nøye etter. Kva spor finn me av tru rundt oss? I eit skule-kyrkje-opplegg kan denne aktiviteten gjerast spesifikk for kristendom. Elevane kan utforska kyrkjerommet og kyrkjebygget. Kva finn dei, og kva representerer det dei finn i kristendomen? Er ulike hendingar i kristendomshistoria eller Bibelen representert i symbol, gjenstandar, kunst etc.? I ein meir utvida samanheng kan elevane utforska spor av tru i språket vårt (sjå døme under), i tidsrekning og kalender (f.Kr./e.Kr., i dag vert gjerne i staden brukt ‘før/etter vår tidsrekning’ men det tek jo utgangspunkt i det same, me startar tidsrekninga med Kristus), førestillingar og idéar, symbol (t.d. krossen i det norske flagget), høgtidar og merkedagar (Sankthans, Halloween, Valentinsdagen, Luciadagen) og andre ting me tek for gitt og ikkje reflekterer over (t.d. leiken å hoppa paradis har samanheng med krosskyrkjer). Denne aktiviteten kan gjerast i klasserommet eller utanfor, i lokalmiljøet eller som heimelekse. Den kan gjerast saman




heile klassen, i grupper, par (think, pair, share) eller individuelt.

**Døme på ord og uttrykk med spor av tru:**

Syndebukk  
Inshallah  
Wolla/walla  
Ulv i fåreklaer  
Ramaskrik  
Karma  
Yoga  
Herregud  
Magisk  
Eit mirakel  
Eit under  
Det var ein Guds lukke at...  
Gudskjelov  
Takk og pris


Sjå fleire døme her: <https://www.nordlys.no/sprak/bibelen/rovdyr/vet-du-hvor-disse-uttrykkene-kommer-fra-svaret-vil-overraske-deg/s/5-34-942546>



## Spor av fortid

**Denne aktiviteten kan gjerast svært tverrfagleg og passe for faga kroppsøving, matematikk, norsk, samfunnsfag og KRLE**


Undersøk lokalmiljøet og/eller skulen og sjå kva spor de finn etter fortida. Dette er ei tverrfagleg oppgåve der elevane kjem ut av klasserommet og må røra på seg.



2024



Aktiviteten må tilpassast lokalt. La elevane gå i grupper eller par og utforska kva dei finn av spor etter fortida og/eller kristendomen/religion i lokalmiljøet eller på skulen. Det kan dreia seg om det norske flagget med krossen i midten, ei kyrkje/moské/synagoge/tempel, historiske bygningar og monument og minnesmerke, symbol, kunst, stads/gatenamn (oppkalla etter historiske skikkelsar/hendingar) osb. Kva tidsepokar er representerte? Elevane kan bruka tidslinjer og utforska på nettet når ulike funn er frå. Kanskje finn dei ut at noko i lokalmiljøet er mykje eldre enn dei hadde trudd. Eller omvendt, at noko dei trudde var eldgamalt ikkje er det i det heile teke. Dei kan rekna ut kor mange år og generasjonar det er sidan noko skjedde eller vart bygd. Dette kan òg gjerast til ein konkurranse, der det er om å gjera å finna flest spor. På den måten vil kreativiteten til elevane vekkjast i jakta på spor og kva som er spor etter fortid/religion og ikkje. Deretter kan de diskutera i klassen etterpå om alle spora «kvalifiserer» eller om nokon er vel kreative.



## Fleip eller fakta-konkurranse

**Denne aktiviteten passar for faga norsk, samfunnsfag og KRLE**

### Fleip eller fakta?


1. Vikingane brukte hjelmar med horn på (fleip)
2. Den viktigaste maten i mellomalderen var poteten (fleip)
3. Kong Olav den heilage døydde på Stiklestad i år 1030 (fakta)
4. Etter at Noreg vart kristna vart det forbode å eta kjøt på fredagar (fakta)
5. Olav Haraldsson vart òg kalla Olav Hårfagre (fleip)
6. Det finnast ei kyrkje i India som er oppkalla etter St. Olav (fakta)
7. Det var ulovleg å tru på Jesus i den norrøne religionen (fleip)
8. Olav den heilage kallast Saint Olaf på engelsk (fakta)
9. Nidarosdomen er bygd over der Olav den heilage er gravlagd (fakta)
10. Før kristendommen kom til Noreg snakka dei eit anna språk i landet (fleip)

Denne kahooten kan òg vera morosam å bruka i undervisinga: <https://create.kahoot.it/share/quiz-om-moster-2024-og-kristenretten/8450d017-2817-4d0f-8b8c-45c0adea3374>

## Namnetradisjonar

### Denne aktiviteten eignar seg for faga norsk og KRLE

Visste de at den opphavelege, norrøne, skrivemåten til Olav var Ólafr? Den har seinare vorte til variantar som Olaf, Olav, Ola og Ole. Finn ut kor mange i klassen som har namn som kjem frå Bibelen, andre deler av jødisk-kristen tradisjon (t.d. helgenar), islamsk tradisjon, hinduistisk tradisjon eller åsatru? Er det nokon som har




namn som ikkje kan knytast til tru? Kvar har desse namna opphavet sitt frå? Kva betyr namna til elevane?

## Matvanar i mellomalderen


**Desse aktivitetane kan passa for faga mat og helse, naturfag, samfunnsfag, matematikk, norsk og KRLE**

La elevane utforska kva dei åt i mellomalderen. Kva råvarer hadde dei, og kva hadde dei ikkje? Dette kan gjerast til ei tverrfagleg oppgåve der elevane kan utforska til dømes fylgjande tema (det er ikkje naudsynt å gjera alle oppgåvene under, dette er berre ei liste med forslag):

- Kva råvarer var lokale i Noreg for 1000 år sidan (kjøt, fisk, grønsaker, krydder, korn etc.)? Her vil til dømes ein del elevar verte overraska over at poteten ikkje er representert, den kom til Europa frå Sør-Amerika først på midten av 1500-talet, og til Noreg so seint som på midten av 1700-talet!
- Kva råvarer kom til Noreg via handel med resten av verda, og kva vart populært her i landet? Kor kom dei ulike råvarene frå? Her vil elevar med minoritetsbakgrunn truleg finna samband til område dei har tilknyting til, og dei vil sjå korleis globaliseringa var godt i gang allereie på denne tida (og lenge før) igjenom handels- og reiseverksemnd. Dei vil òg oppdaga korleis samhandling på tvers av kulturar og religiøse tradisjonar slett ikkje er eit moderne fenomen.



- Ein del varer vart sende til Europa med krossfararar som kom tilbake frå Midtausten, andre kom via Silkevegen. Korleis klarte dei å frakta maten so langt utan fly? Sjå på kart og utforska.
- Kva bidrog Noreg med her? Med kristendomen og kristenretten kom lover og reglar knytt til mat og drikke, og det vart til dømes forbode å eta kjøt på fredagar, fasteperiodar vart innførte osb. Som konsekvens av dette opplevde Noreg auka handel og eksport av fisk, og Noreg vart ein viktig fiskeleverandør. Det er me òg i dag, men tenk at dette starta allereie for 1000 år sidan! Sjå på kartet i Tidsreisa (<https://tidsreisa.moster2024.no/>) og finn mogelege handelsruter.
- Elevane kan utforska og diskutera handel, import og eksport, utveksla mattradisjonar og samanlikna fortid og notid. Korleis trur dei dette vil endra seg i framtida, med global oppvarming og klimakrise? Kva kan me gjera for å bremsa utviklinga? Vil me få andre matvanar?
- Kan me læra noko av matvanane dei hadde i mellomalderen? Er det nokon fordeler med dei matrestriksjonane som vart innførte med kristendomen? Hadde dei eit sunnare kosthald for tusen år sidan enn me har i dag?



- Finn ut kva som vart rekna som eksklusiv mat i mellomalderen, og korleis påverka det kosthaldet? Skil det seg frå i dag? Kjøt var til dømes eksklusivt, og sjølv om dei hadde kjøt i mellomalderen reknar ein med at dei ikkje åt mykje kjøt. Kva er eksklusivt i dag? Her kan elevane få i oppgåve å finna ut om matprisar og rekna ut kva det vil kosta å handla inn til livretten deira.
- Kva kan de laga som er basert på råvarer som dei òg hadde i mellomalderen? Kan de laga rettar som òg er vanlege i dag? Lag mat anten som de finn på sjølv med råvarer som òg fanst i mellomalderen eller lag mat etter ei mellomalderoppskrift (nokre døme finnast her: <https://middelaldermat.wordpress.com>, <https://middelalderfestival.no/middelaldermat>). Her finnast ei enkel oppskrift på vikingbrød: <https://framtidajunior.no/2022/08/23/slik-lagar-du-vikingbrod/>. Alternativt kan de laga ein rett som òg er vanleg i dag, men som berre inneheld råvarer som òg fanst i mellomalderen.



### **Her er lenkjer til meir informasjon om mat i mellomalderen**

<https://www.forskning.no/arkeologi-historie-mat/norsk-mat-var-godt-krydret-i-middelalderen/2254582>

<https://www.norgeshistorie.no/hoymiddelalder/0929-Hva-spiste-folk-i-middelalderen.html>

<https://middelalderfestival.no/middelaldermat>


<https://www.forskning.no/mat-vikingtiden/hva-spiste-egentlig-vikingene/1696795>



## Mat og faste


**Denne oppgåva eignar seg for faga mat og helse,  
KRLE, samfunnsfag og norsk**

I mellomalderen var fredagar ein fastedag, og det var forboden å eta kjøt. Kjøt var festmat og mat for dei rike, og fredagar skulle ein minnast Jesu liding og krossfesting, angra syndene sine og avstå frå kjøt. Dette var ein type botshandling. Dette kjøtforbodet førte til at det vart vanleg å eta fisk på fredagar (ikkje minst på langfredag) og i fastetida. Innan katolisismen er det framleis



ikkje uvanleg å avstå frå kjøt på langfredag, og i nokre katolske land òg generelt fredagar, sjølv om det ikkje lenger er eit forbod mot kjøt fredagar. Dette førte til stor etterspurnad av fisk over heile kontinentet og til at Noreg vart ein viktig eksportør av fersk fisk, salt fisk og tørrfisk. Særleg tørrfisk kunne fraktast langt utan at den vart därleg. La elevane finna ut kvar i landet det vert laga tørrfisk. Sjå på kartet, og utforska tørrfiskens historie i Noreg. Då vil elevane kunna finna ut korleis nokre italiinarar på 1400-talet stranda på ei lita øy utanfor Lofoten (Røst) som brått vart ein viktig leverandør av tørrfisk til Italia, og framleis er det i dag (<https://www.aftenposten.no/historie/i/ML4L0E/pietro-querini-fikk-toerrfisk-i-gave-det-skulle-binde-roest-til-italia-i-600-aar>).

Vågar elevane å prøva tørrfisk? Lag rettar av tørrfisk i mat og helse og utforska tradisjonen rundt denne måten å laga fisk på. Innanfor kristendomen har me framleis det me kallar fastetida, ei førebuingstid til påsken, som startar med oskeonsdag og varer i 40 dagar fram til påske. Det er framleis vanleg å fasta i denne perioden innanfor katolisismen. Det inneber at ein gjerne avstår frå kjøt eller noko anna som ein elles et eller drikk til vanleg. Men òg elles i samfunnet er det ikkje uvanleg at ein markerer faste i denne perioden, anten ein er kristen eller ikkje. Det kan òg berre sjåast på som ei øving i sjølvkontroll, ei «orsaking» for å leva litt sunnare ein periode eller liknande. Det ser faktisk ut som at det har vorte litt på moten dei seinare åra! Til dømes har




det vorte populært å markera faste ved å taka ein pause frå sosiale medium, eller ha shoppe-stopp eller godtefri i denne perioden. Innanfor islam feirar ein *ramadan*, fastemånaden, der ein skal avstå frå mat og drikka mellom soloppgang og solnedgang. Fasta er ei av dei fem søylene i islam, det vil seia fem ting som er spesielt viktige å gjera i islam.

Kva ville elevane valt å avstå frå viss dei skulle fasta anten under ramadan eller den kristne fastetida? Kva ville vore vanskelegast å avstå frå og kvifor? Kva ville dei absolutt ikkje klart seg utan i ein månad/40 dagar? Diskuter i klassen eller i grupper.

## Mostertinget


**Kva fag denne aktiviteten eignar seg for avheng  
av kva tematikk de ynskjer å diskutera. Den kan  
i allfall gjerast innanfor faga mat og helse,  
samfunnsfag, norsk og KRLE.**

La elevane utforska kva eit sokalla «ting» var i vikingtid og mellomalderen og la dei deretter laga sitt eige ting. De kan til dømes velja ut eit par lover, anten frå kristenretten eller frå i dag, og diskutera desse i tinget. Eller de kan velja nokre av lovene som vert knytte til kristenretten på Moster og diskutera dei med moderne briller. Til dømes var kjøtforbodet under fasta og fredagar i utgangspunktet religiøst motivert, men kan noko liknande ha noko for seg i dag? Mange stader opererer med kjøtfri



måndag. Eller kva med loven om at ingen skulle arbeida sundagar? Sundagsopne butikkar er oppe i samfunnsdebatten med jamne mellomrom. Sjølv om det ikkje er mange som argumenterer med at kviledagen skal haldast heilag i streng, religiøs, forstand, kan det vera andre argument for at butikkane skal halda stengt éin dag i veka? Dette er berre døme; her er det berre fantasien som set grenser. Elevane kan delast inn i to grupper som representerer kvar si side av saka. Kvar side kan jobba saman først om å finna gode argument for «si» meining før dei møtast til diskusjon på tinget. Eventuelt kan dei delast i mindre grupper og ha «mikroting» først, med til dømes to representantar for kvar side i grupper på fire før klassen møtast i eit stort ting til slutt. La dykk òg gjerne inspirera av rollespelet i dette heftet, utarbeidt av Skåre sokn.

Her vil elevane læra å tenkja kritisk og å taka ulike perspektiv og kanskje måtte argumentera for noko dei sjølv ikkje meiner. Dette er viktig for å læra å forstå andre synspunkt og motarbeida fordomar og for å læra å argumentera og diskutera og lytta til dei som er usamde med deg.



## Tankeeksperiment om religion

### **Denne aktiviteten eignar seg for faget KRLE**

Kva ville du gjort viss du skulle innføra ein ny religion i dag? La elevane utforska kristninga av Noreg og diskutera korleis dei sjølv ville gått fram. Vart det gjort på ein god måte i mellomalderen? Eit viktig moment rundt religionsskifte er at det tek lang tid. Korleis ville de innført ein religion i dag? Kan de koma på nokre veldig unge religionar? Jehovas vitner er ein religion som spring ut av kristendomen og vart etablert i USA på 1870-talet. Sikhismen vart etablert på 1500-talet i India. Er dette unge eller gamle religionar? Dette kan til dømes vera ei gruppeoppgåve eller ei skriftleg refleksjonsoppgåve.

## Tankeeksperiment om religion

### **Denne aktiviteten eignar seg for faget KRLE**


Korleis ville Noreg sett ut i dag utan kristendomen? Dette er meint som ein kontrafaktisk refleksjonsoppgåve i religionskritikk, der elevane skal utforska positive og negative sider ved kristendomen/religion og kristningsprosessen. Ikkje alt som kom med kristendomen har vore positivt, men det har ikkje vore berre negativt heller. Ved å reflektera over og/eller diskutera kva kristninga/religion har ført med seg av positive og negative ting (lover og reglar, samfunnsinstitusjonar, lærdom, verdiar og haldningar, krigar, (in)toleranse m.m.) vil elevane læra å tenkja kritisk rundt religion, og sjå at religion ikkje berre er negativt eller positivt. Dette kan vera eit gruppeprosjekt eller ein individuell skriveoppgåve, rollespel, klasseromsdiskusjon, intervju, podcast eller liknande.



## Kristenretten og lover


**Denne oppgåva kan vera tverrfagleg avhengig av kva ein vel å fokusera på, og kan eigna seg for faga samfunnsfag, norsk, naturfag, mat og helse og KRLE.**

Med kristninga av Noreg kom ein del heilt nye lover og reglar som endra samfunnet. Kvifor er det viktig å ha lover og reglar? Er det nokon av kristenlovene frå mellomalderen som framleis er viktige i dag? Kvifor/kvifor ikkje? Kva er dei viktigaste lovene me har i dag og kvifor er desse viktigast? Korleis ville samfunnet vore utan lover og reglar? Spørsmål som dette kan eigna seg til gruppearbeid/gruppediskusjonar, klasseromsdiskusjonar eller individuelle



skriveoppgåver. Eventuelt kan oppgåva fylgjast opp av spørsmåla under: Viss du skulle innført ei lov, kva ville du bestemt og kvifor? Korleis ville denne lova endra dagleglivet? Kan nokre lover settast over andre? Kvifor er klasseregler naudsynt? Dette er berre nokre spørsmål som kan diskuterast, som er meint å gje elevane rom for å reflektera rundt kvifor me treng lover og reglar og korleis desse hjelper oss å taka omsyn til kvarandre og omgåast kvarandre.

Her kan ein taka utgangspunkt i kristenretten og mellomalderen og vise relevansen for notida og/eller diskutera på eit meir overordna generelt plan. Eller ein kan taka utgangspunkt i meir konkrete dagsaktuelle tema. Til dømes finnast reglar som må fylgjast i krig, det finnast reglar som må fylgjast innanfor familien (t.d. knytte til korleis ein behandlar barna sine), lover som skal syrgja for eit trygt samfunn (både når det gjeld kriminalitet, men òg t.d. trafikkreglar etc.) og lover knytt til korleis me tek vare på naturen vår. Dette kan utforskast som gruppeprosjekt, klasseromsdiskusjonar, skriveoppgåve, podcast m.m.



2024




## Skriveoppgåve om mellomalderen

### Denne oppgåva eignar seg for faget norsk

Du er i år 1024. Kva ser du, kva lukter du, kva høyrer du? Er du saman med nokon, snakkar du med nokre? Er det noko som veks og gror rundt deg? Kva drøymer du om, kva er ynska dine for framtida? Denne aktiviteten kan bidra til å gjera elevane medvitne på at sjølv om mykje var annleis før i tida, er behovet til mennesket, kjensler og drøymar gjerne dei same nesten til kvar tid. Kanskje var ikkje folk for tusen år sidan so ulike frå oss?






## Folkehelse og livsmeistring

### Denne aktiviteten eignar seg for faga KRLE og samfunnsfag

Det vert sagt at kong Olav var viljesterk, flink til å styra, samla folk, organisera, han var sterk og godt likt, men òg vill, grufull, hemngjerrig, omsynslaus og grisk. Han var ein mann som hadde mange *kontrastar* i seg. Kva er ein kontrast, og kva vil det seia å vera kontrastfylt? La elevane laga eit skjema som dei fyller inn med kontrastar, anten saman i klassen, i grupper, par eller individuelt. Det treng ikkje å ha å gjera med personlegdom eller menneske, det kan vera enkle ting som kaldt/varmt, svart/kvitt, lys/mørk, dag/natt etc.

Diskusjonsoppgåve: Alle menneske har fleire sider. Nokon er til dømes stille og sjenerete i nokre situasjonar og kjempeivrig og pratsame i andre. Har de opplevt at andre er kontrastfylte? Finn de kontrastar i dykk sjølv? Fortel og del erfaringar. Denne oppgåva kan hjelpe elevane til å forstå at menneske er komplekse og kompliserte, og at sjølv om me gjer dumme/slemme ting innimellom betyr ikkje det at me alltid er dumme/slemme, og at me nokre gongar gjer ting me ikkje burde fordi det skjer ting inni oss som kan vera vanskelege å handtera. Nokre gongar gjer me ting me veit er gale fordi ei side av oss som me ikkje eigentleg liker tek litt over. Dette er heilt normalt nett fordi me er fulle av kontrastar.



## Laga ein teikneserie om Olav den heilage og livet hans eller om Mostertinget

**Denne aktiviteten kan eigna seg innanfor faga  
samfunnsfag, norsk, KRLE og kunst og handverk.**

Denne aktiviteten kan gjerast i grupper eller individuelt, og fordrar at elevane først utforskar temaet til teikneserien før dei lagar ei forteljing basert på det dei har utforska der dei vel ut kva dei vil ha med, om dei ynskjer å halda seg strengt til det dei har lært igjennom utforskinga av tema eller om dei vil taka seg nokre kreative fridomar osb.

## Slaget på Stiklestad


**Denne aktiviteten eignar seg for faget KRLE**

Det vert sagt at Sankt Olav døydde martyrdauden og at han er ein helgen. Kva betyr det å døy som martyr?

Kjenner de til andre som skal ha lide martyrdauden?

Og kva betyr det at han er ein helgen? Kva var det med Olav som gjorde han til ein helgen? Kjenner de til andre helgener, og kvifor vert desse sett på som helgener?


Finnast helgener berre i kristendomen, eller finnast dei innanfor andre religionar òg? Santa Lucia er eit døme som kan trekkjast fram her, men òg Sankt Nicholas, som har vorte til jolenissen vår. Her kan ein òg trekkja fram skiljet mellom katolisisme og protestantisme dersom det passar. Dette temaet kan til dømes utforskast som klasseromsdiskusjon, gruppearbeid eller som individuell skriveoppgåve.



## **Utforsking og refleksjon rundt helgendyrking og Olavskult**


**Denne aktiviteten eignar seg for faga KRLE,  
samfunnsfag og norsk**

Etter at Olav den heilage vart gjort til helgen, oppstod ein sokalla «kult» rundt sankt Olav, «Olavskulten». I moderne tid snakkar me gjerne om at noko eller nokre har fått «kultstatus», eller me snakkar om bestemde filmar som «kultfilmar». Men kva meines med dette, og kva er eigentleg ein «kult»? Kva har kultstatus i dag? Døme her kan vera fotballlag, kjendisar (t.d. Taylor Swifts tilhengjarar



Swifties), influensar, filmar og seriar etc. Kan de koma på andre typar «kult» igjennom historia? Korleis vert noko ein kult, og kva skjer når det vert det? Dette temaet kan eigna seg for å bevisstgjera korleis fortida ikkje er so framand og annleis som den nokre gongar kan sjå ut til, men at det i dag er andre ting me dyrkar eller fokuserer på. Helgenane frå mellomalderen var kjendisane i den tida, og vart dyrka slik me i dag dyrkar filmstjerner, popstjerner osb. Det er ikkje utan grunn at popstjerner gjerne vert omtala som «popikon» i dag. På same måte som det oppstår ein industri rundt kjendisar og kulten dykkar, skjedde noko av det same i mellomalderen, med produksjon av sokalla helgenvita (helgenbiografiar), pilegrimsmål som vert knytt til religiøse mirakel, reliktvar osb. Pilegrimar kan samanliknast med dagens turistar, og var bra for økonomien og omdømet til stadane. Her kan elevane utforska «kult»-omgrepet og evt. Olavskulten individuelt eller i grupper. Refleksjonar rundt dette kan eigna seg som gruppeoppgåve, individuell skriveoppgåve, podcast, intervju, klasseromsdiskusjon etc.

Les meir her: <https://www.aftenposten.no/historie/i/zE2019/slik-ble-kong-olav-en-del-av-en-internasjonal-helgen-industri>




## Åsatru og kristentru:

### **Denne aktiviteten eignar seg for faget KRLE**

Før kristendomen kom til Noreg var nordmennene heidningar og trudde på dei norrøne gudane, sokalla åsatru. Kva kjenneteiknar denne trua? Kva er dei viktigaste forskjellane på åsatru og kristendomen? Hint: livet etter dauden (Valhall og himmelen, ragnarok og domedag), fleire gudar vs. éin gud, ofringar til gudane, m.m. Kvifor trur de nokon ville behalda den gamle trua si i staden for å la seg kristne? Og for dei som ville verte kristne, kva var det med kristendomen som gjorde at dei slutta seg til han? Denne aktiviteten kan gjerast todelt som utforsking og religionskritikk. Utforska først norrøn religion og sammenlikna med kristendomen (i klasserommet, i grupper eller som heimelekse). Deretter kan de diskutera og kontrastera, og reflektera rundt fordelar og ulemper med dei to trusystema. Her kan ein til dømes laga gruppepresentasjonar i form av podcast eller postere som kan hengjast opp på veggen.





## Utforsking av Olavsminne

**Denne aktiviteten eignar seg for faga KRLE,  
norsk og samfunnsfag**


Kvar i verda finn me Olavskyrkjer, Olavsaltar eller andre stadar/institusjonar oppkalla etter Sankt Olav? Me har t.d. Sankt Olav hospital i Trondheim, St. Olav forlag og bokhandel i Oslo, Olaf street/road fleire stadar i Storbritannia, Irland og USA osb. I Roma finnast eit Olavsaltar i kyrkja San Carlo al Corso. Finnast skular oppkalla etter Olav? Husk her at Olav ofte vert skriven Olaf på engelsk. Bruk internett og googlemaps og utforska!

Kva andre Olav/Olaf/Ola/Ole kjenner de til (t.d. Olaf i *Frost*, grev Olaf i bokserien *Den onde greven*, etc.)?

## Språk og lånord


**Denne aktiviteten passar for faga engelsk og norsk**

I dag låner me mange ord frå andre språk, spesielt frå engelsk (t.d. gir (gear), lunsj, snack, hamburgar, pub, gaming, jetlag, influensar). Men lån av ord mellom språk går fleire vegar, og det har ikkje alltid vore slik at me berre har lånt ord frå andre språk i Noreg. Me har òg lånt bort ord frå norsk til andre språk, igjen spesielt til engelsk. I vikingtida reiste vikingane mykje rundt i heile verda, og sette preg på dei kulturane dei besøkte. Dei hadde særleg mykje kontakt med Dei britiske øyane, der mange vikingar busette seg og heldt til i fleire hundre år. York i England og



Dublin i Irland er døme på dette. Dublin var antakeleg til dømes tospråkleg på 800-1000-talet, og folk der snakka norrønt og irsk om kvarandre. Kan de finna engelske ord som kjem frå vikingane? Døme: husband, window, cake, boat, neighbour, bag.

Les meir her: <https://framtida.no/2016/09/21/slik-har-engelsk-har-lant-seg-til-spraktoppen>  
<https://framtidajunior.no/2022/08/20/fem-engelske-ord-som-stammar-fra-vikingtida/>



## JUBILEUMSSONG OG KOREOGRAFI MED TITTELEN «FRIDOM»

**«Fridom» er ein nyskriven pop-låt sunge av artisten William i forbindig jubileumsfeiringa på Moster med tilhøyrande dans. William vann Melodi Grand Prix Junior i 2022, og har sidan kome ut med fleire låtar og turnert kring i landet på ulike festivalar og TV-arrangement.**

Fellesskapsongen «FRIDOM» handlar om verdiane Moster 2024-jubileet er bygd på - *fridom, rettferd og likeverd*. Saman håpar vi mange barn og unge vil bli med å spreie det gode bodskapet om å bruke fridomen sin til å seie ifrå - og vere ein del av eit fellesskap.

Fridom og rettferd er evig aktuelle tema, i dag mellom anna i samanheng med krigen i Ukraina og i Midtausten, og barn som opplever urettferd og mistar fridomen sin der kvar dag. Denne songen kan vere eit godt høve til å diskutera med elevane kva fridom eigentleg inneber. Kva er fridom for dei?

Songen og dansen eignar seg godt til å øva inn og framføre i lag med klassen, eller på fritida.

Under finn de songteksten, og snart vil det også bli lagt ut ein opplæringsvideo av dansen, samt spotify-lenke og karaoke-versjon av låta.

**Tekst og melodi:** Vilde Lundal

**Musikkproduksjon:** Brandon Santell

**Vokal:** William Høyem Ribe

**Koreografi:** Miriam Hammersland

Vi ynskjer foto og filmsnuttar frå songen eller dansen i bruk!

Send foto/film, dato, stad og gjerne talet på deltakarar til [opptak@moster2024.no](mailto:opptak@moster2024.no) og merk e-posten med «Fridom». Stadfest at vi har løyve til å bruke film/bilete i sosiale medium og publikasjonar.

**Songen vil bli lansert i mars! Så her må ein berre vente i spenning!!!**

# «FRIDOM»

**Tekst og melodi:** Vilde Lundal

**Vokal:** William Høyem Ribe

**Produsent:** Santell / Moster 2024

*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM  
Synger en sang om  
FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*

## FØRSTE VERS

Hvordan kan vi reise oss  
om ingen vil strekke en hand  
Kan vi få til - rettferdighet  
i alle verdens land  
Vi må ta tak - i det selv  
starte vårt eget band,  
for det vi har er en stemme,  
en framtidsplan

## BRIDGE

Å stå sammen gir oss større verdi  
og med stolthet kan vi være likeverdig  
Blir du med, så får vi det til

## REFRENG

Vi synger en sang om  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Synger en sang om  
*RETTFERD – gi oss – RETTFERD*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*

## **ANDRE VERS**

Ja, ja, vår stemme er sterke  
Rop det ut fra høyeste berg  
*Oh yeah*  
Kom igjen, gi håpet et løft  
I dag er dagen  
Vi vil nå stå sammen  
Bruke stemmen og framtidsplanen  
Vi vil ha en forskjell!  
Forskjell!


## **REFRENG x 2**

Vi synger en sang om  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Synger en sang om  
*RETTFERD – gi oss – RETTFERD*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*

Yaaaaah, Yeeeeeeaaaaahh  
Yeeeeah, Yeeeeeeaaaaahh

## **REFRENG**

Vi synger en sang om  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*  
Synger en sang om  
*RETTFERD – gi oss – RETTFERD*  
Til å si fra  
*FRIDOM – FRIDOM – FRIDOM*



## Del 3 Ressursar

**For lærarar (til fagleg fordjupning og førebuing)**

### Ressursar om Olav den heilage:

Videoen «Slik vart Olav ‘den heilage’»:  
<https://www.youtube.com/watch?v=-EdD70UoJbY>

Store norske leksikon om Olav den heilage:  
[https://snl.no/Olav\\_den\\_hellige](https://snl.no/Olav_den_hellige)

Om Olavskult:  
<https://www.aftenposten.no/historie/i/zE2019/slik-ble-kong-olav-en-del-av-en-internasjonal-helgen-industri>

NRK-dokumentar i tre delar på jakt etter vikingen, kongen og helgenen Olav: <https://tv.nrk.no/serie/olav>

Den digitale Olavskilden: <https://kulturpunkt.org/owner/69>

### Ressursar om kristenretten og Moster:


Bakgrunn: <https://moster2024.no/bakgrunn>

Kristenretten: <https://moster2024.no/kristenretten>

Videoar om fridom, likeverd og rettsvern med rettshistorikar Jørn Øyre hagen Sunde: <https://moster2024.no/tema>

Om Kulisteinen: <https://www.ntnu.no/museum/kulisteinen>  
<https://snl.no/Kulisteinen>

Anno 1024: Podcastserie om Moster og det store religionsskiftet:  
<https://moster2024.no/prosjekter/historie-podcast-anno-1024>



### **Om Landslova 1274:**

Om Magnus Lagabøtes landslov i Store norske leksikon:

[https://snl.no/Magnus\\_Lagab%C3%B8ters\\_landslov](https://snl.no/Magnus_Lagab%C3%B8ters_landslov)

Podcast om Magnus Lagabøtes landslov:

<https://www.nb.no/landslov-podcast/>

### **Om tusenårsjubileet og landslova:**

Videoserie om tusenårsjubileet fra Bjørgvin bispedøme:

<https://studio.youtube.com/channel/UCMQ1>

[BYYYGox0dxAiS9CGnw/videos/upload?filter=%-5B%5D&sort=%7B"columnType">%3A"date">%2C"sortOrder">%3A"ASCENDING">%7D](https://studio.youtube.com/channel/UCMQ1/videos/upload?filter=%-5B%5D&sort=%7B)

Tusen år - mer enn en bagatell? Opptak fra samtalekveld på Litteraturhuset: <https://open.spotify.com/episode/19D8ym-LYBkWPiw6SFwc77?si=DSZMqanNT9yOTPWWdJDs3w>


Foredrag «Frå kristenrett i 1024 til Landslov i 1274»:

<https://www.youtube.com/watch?v=E8h86tJmNFC>

Foredrag «Frå kristenrett i 1024 til verdiparagraf i Grunnlova i 2012»: <https://www.youtube.com/watch?v=RiEu1rymkwM&t=1s>

Foredrag med rettshistorikar Jørn Øyrehaugen Sunde om «Guds fire døtre: Forteljing om Guds rettferd frå Midrash Rabbi til Gulathing»: <https://vimeo.com/869323707?share=copy>

Om religionenes utberedelse: <https://ndla.no/nb/subject:ea-2822da-52f0-4517-bf01-c63f8e96f446/topic:b1443a6c-f849-4412-af4f-a29fcc61e776/topic:f84b06c7-8343-4b42-9b82-57eacc717322/resource:1:188739>



### **Om mellomaldermat:**

Mellomalderens matkultur: <https://middelalderfestival.no/middelaldermat>

Norsk mat i mellomalderen: <https://www.forskning.no/arkeologi-historie-mat/norsk-mat-var-godt-krydret-i-middelalderen/2254582>

Om kva folk åt i mellomalderen: <https://www.norgeshistorie.no/hoymiddelalder/0929-Hva-spiste-folk-i-middelalderen.html>

Om kva vikingane åt: <https://www.forskning.no/mat-vikingtiden/hva-spiste-egentlig-vikingene/1696795>

Om tørrfisk: <https://www.aftenposten.no/historie/i/ML4L0E/pietro-querini-fikk-toerrfisk-i-gave-det-skulle-binde-roest-til-italia-i-600-aar>

### **Mytar om mellomalderen:**

Om flat jord-myten: <https://fagsjekk.no/folk-trodde-at-jorda-var-flat-i-middelalderen/>

Om flat jord-myten: <https://forskning.no/historie-forsknings-historie/da-jorda-ble-flat/1045244>


Om flat jord-myten: <https://www.vl.no/meninger/verdide-batt/2010/04/23/grunnskolen-med-fordommer-pa-pensum/>

Om Harald Hårfagre og samekvinna Snøfrid: <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-5841>

Om vikinghjelmar med horn: <https://www.forskning.no/vikingtiden/vikingene-hadde-ikke-hjelmer-med-horn/1993952>

Om Olavskyrkja i India: <https://kulturpunkt.org/article/5510/>

Mytar om mellomalderen: <https://www.medievalists.net/2023/09/20-myths-middle-ages/>



### **Profesjonsuttalar:**

«Kva var det nye i 2024?»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/kva-var-det-nye-i-1024>

«Daa Noreg var misjonsmark»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/daa-noreg-var-misjonsmark>

«Frå makt til rett – Kristenretten på Moster frå 1024»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/fra-makt-til-rett-kristenretten-pa-moster-fra-1024>

«Hva var det nye i 2024?»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/hva-var-det-nye-i-1024>

«Kongen som bærer av nasjonens verdier»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/kongen-som-baerer-av-nasjonens-verdier>

«Kristenretten - kva var det nye på Moster i 1024?»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/kristenretten-kva-var-det-nye-pa-moster-i-1024>


«Moster 1024 – starten på en ny tid»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/moster-1024-starten-pa-en-ny-tid>

«Moster og Mostratinget 1024 – 2024»: <https://moster2024.no/profesjonsuttalar/moster-og-mostratinget-1024-2024>

### **Vitskaplege artiklar:**

«Sankt Olavs lov som rettslig realitet og politisk idé i utviklingen av en norsk sentralmakt»: <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ht.101.4.6>

«På sporet av Mostertinget»: [https://theofilos.no/wp-content/uploads/2020/03/2b\\_Academia\\_Landro\\_P%C3%A5-sporet-av-Mostertinget.pdf](https://theofilos.no/wp-content/uploads/2020/03/2b_Academia_Landro_P%C3%A5-sporet-av-Mostertinget.pdf)



### **Andre ressursar:**

Store norske leksikon om mellomalderen: <https://snl.no/middelalderen>

Spor av tru i språket: <https://www.nordlys.no/sprak/bibelen/rovdyr/vet-du-hvor-disse-uttrykkene-kommer-fra-svaret-vil-overraske-deg/s/5-34-942546>

Om språk og lånord: <https://framtida.no/2016/09/21/slik-har-engelsk-har-lant-seg-til-spraktuppen>

Oversiktsartikkkel om norrøn religion: <https://religioner.no/laeringsressurser/fagartikler/norron-religion/>

Think - pair - share-metoden: <https://www.structural-learning.com/post/think-pair-share-a-teachers-guide>

TV-serie om tusenårsjubileet med «Farmen-presten»:

[Bjørgvin bispedømes jubileumssider: https://www.kyrkja.no/bjorgvin/2024](https://www.kyrkja.no/bjorgvin/2024)

### **For bruk i undervisning/for elevar**


Moster 2024 for skular: <https://moster2024.no/for-skular>

Tidsreisa: <https://tidsreisa.moster2024.no/>

Om norske ord i engelsk: <https://framtidajunior.no/2022/08/20/fem-engelske-ord-som-stammar-fra-vikingtida/>

Framtida juniors artikkelserie om mellomalderen og vikingtida: <https://framtidajunior.no/tag/vikingar/>

Kahoot: <https://create.kahoot.it/share/quiz-om-moster-2024-og-kristenretten/8450d017-2817-4d0f-8b8c-45c0adea3374>




Mostratinget for unge: <https://moster2024.no/prosjekter/mostratinget>

M24 Barnepodden. Ein podcast for barn i førskule- og småskulealder!: <https://moster2024.no/prosjekter/bar-nepodden>

Oppskrifter: <https://middelaldermat.wordpress.com/>  
<https://framtidajunior.no/2022/08/23/slik-lagar-du-vikingbrod/>





## **Spelet på Krosshaugen**

### **Undervisning om krossen på Krosshaugen og kristenretten**

#### **Introduksjon / bakgrunnsinformasjon:**

##### **Viktige tema:**

- Symbolikken i krossen
- Kristendommen si utbreiing frå Jerusalem til vikingane i nord


##### **Forarbeid i skuletime:**

- Lære fakta om krossen på Krosshaugen:  
Krossen har anglikansk utforming og er hogd ut i glimmerskifer frå Hyllestad, Sognefjorden (kvernsteinbrudd).
- Lage kross av kvistar
- Skrive FRED på 12 språk på skilt
- Øve på fedrelandssalmen
- Fordele roller og øve på replikkar
- Lære om rettane som blei pålagd folket av Olav den heilage (Kristenretten)

Rollespelet (tidsramme 45 minutt). Gruppa vandrar frå post til post med dei ulike rollefigurane knytt til årstal

##### **Læringsmål:**

Frå overordna del av læreplanverket for grunnskulen, kapittelet om Identitet og kulturelt mangfold: «Innsikt i historia og kulturen vår er viktig for at elevane utviklar




identitet, og skaper tilhørsle til samfunnet. Elevane skal lære å kjenne dei verdiene og tradisjonane som bidrar til å samle menneska i landet. Kristen og humanistisk arv og tradisjon er ein viktig del av den samla kulturarven i landet og har spelt ei sentral rolle for utviklinga av demokratiet vårt. (...) Vår felles kulturarv har utvikla seg gjennom historia og skal forvaltast av nolevande og kommande generasjonar. Felles referanserammer er viktig for at den enkelte skal kjenne tilhørsle til samfunnet. Dette skaper samhald og forankrar identiteten til den enkelte i ein større fellesskap og i ein historisk sammenheng. Ei felles ramme gir og skal gi rom for mangfold, og elevane skal få innsikt i korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og syn på livet. Dei erfaringane elevane får i møte med ulike kulturuttrykk og tradisjonar, bidrar til å forme identiteten deira. Eit godt samfunn er tufta på ein inkluderande og mangfaldig fellesskap. (1.2 Identitet og kulturelt mangfold | udir.no)

#### **Frå boka «Kirken i Norge 1000 år»:**

«Legge til rette for at elevene selv kan bygge opp en forestilling av hvordan forholdene var. Slik gir vi kultur- og kirkehistorien videre, vel vitende om at vi ikke sitter inne med fasiten.» (Kirken i Norge 1000 år, Moster forlag).

#### **Kjelder:**

Bok: «Kirken i Norge 1000 år», Moster forlag  
Kristendommens historie, Store norske leksikon



Intervju med Bjarte Nesheim, tidligere rektor ved Gard skole  
Profesjonsutsegner, Moster Amfi

Bok: «Haraldsstøtta – monument og minne», Årbok for  
Haugalandsmuseene 2013-2014


### **Innsalgstekst:**

Ein ruin, ein bautastein, ein kross eller noko anna som vi ser, som vi må hugse å fortelje historia om... Her er historia om krossen på Krosshaugen nord i Haugesund. Den kristne krossen har eit bodskap om fred mellom Gud og menneske, og menneska imellom. Vikingkongen på Haugar er strålande nøgd med å setje opp dette samlande symbolet, godt synleg frå skipsleia. Men frå uventa hald kjem ei befaling: Olav den heilage befaler Kristenretten. Freden mellom menneska kan berre blomstre dersom likeverdet og folk sitt ve og vel blir settet på dagsorden.

### **For lokal tilrettelegging:**


- Kva finst i vårt område som er reist for å formidle kristendommen sitt trusinnhald?
- Kven reiste dette symbolet eller byggverket?
- Gje kristenretten plass i den lokale historia.  
Kristenretten som rettesnor for korleis me lever liva våre, med likeverd og lik rett for alle menneske.

**Idè og opplegg:** Reidun Flaten Qvale (kateket, Skåre sokn). Skriven og utarbeida av Reidun Flaten Qvale og Helene Breivik Hellerdal (dramapedagog og KRLE-lærar)




## Plan for rollespelet:


Når	Kven	Kva og korleis	Rekvisittar / kostymer	Musikk / Song
		Deltakarane samlast ved foten av Krosshaugen, slik at me ser den store steinkrossen.		
År 975 e.Kr.	Biskopen frå York:  Sendebod (1 elev)	<p>Den som skal vere biskopen kler på seg kappa og hovudplagg samstundes som han presenterer seg som biskopen. Sendeboda får hjelpe til å kle på seg.</p> <p>«Eg er biskop her på Haugalandet, men blei sendt hit frå kyrkja i York av erkebiskopen der. Eg har fått i oppgåve å reise rundt her på Vestlandet for å vigse kyrkjebygg og gravplassar og hjelpe til med konfirmasjonar i kyrkja. Eg kom hit til Haugalandet i år 975, og eg vil ta dykk med tilbake i tid for å høyre og sjå noko av det som hende her kor vi står no. Eg har nokre sendebod her som hjelper meg med å gje og å ta imot beskjedar.»</p> <p>Vendt mot sendeboden:</p> <p>«Alle som kjem hit til Haugalandet ser den store krossen på Krosshaugen, men kvifor står det her og kva betyr det? Kan du, sendebod, ta oss med tilbake til år 33 etter Kristus?»</p>	Skilt m/årstal Ein kross – (til dømes ein prosesjonskross) Vendbar kappe til biskopen frå York / vikingkongen på Haugar	Keltisk musikk
År 33 e.Kr.	Disiplane (12 elever):  Disippel (1 elev):  Biskopen:	<p>Disiplane står i ring, ser opp mot himmelen, løftar ildtungene, løftar skilta med ordet FRED, og alle 12 seier høgt sitt ord samtidig. (Dette må øvast inn på førehand)</p> <p>«Vi møtte Jesus her i Palestina og blei følgjesveinane hans. Den tomme krossen skal fortelje at Jesus kom med FRED frå Gud då han sigra over vondskapen i verda på krossen.»</p> <p>«Jesus ga disiplane eit oppdrag: å gå ut i verda og fortelje at han er verda sin fredsfirste og døype menneske til den kristne trua. Dei skulle gå to og to, og fortelje om krossen og FREDEN frå Gud. Vanskeleg oppgåve, men disiplane blei fylt av Guds heilage ande, for å utføre oppgåva!»</p> <p>Disiplane stiller seg opp to og to og går til kyrkja.</p>	Skilt m/årstal Kjortlar Ildtunger Fredsplakatar Ordet fred på 12 språk Verdskart	Orientalske tonar




Når	Kven	Kva og korleis	Rekvisittar / kostymer	Musikk / Song
År 325	Kyrkja (Dei kristne, prestar og kyrkjebygget)  Biskopen:  Dei kristne – nokre av elevane	<p>Vi beveger oss til neste steg i forteljinga – til kyrkja.</p> <p>Antiochia, år 40: «Dei som følgde etter Jesus, kalla me kristne, etter namnet Kristus - den salva. Den kristne kyrkja var dei menneska som vedkjende seg den kristne trua. Etterpå blei det bygd hus som også var kalla kyrkja. I dei husa samla dei kristne seg.»</p> <p>Nikea, år 325: «I år 325 samla leiarane i kyrkja seg til sitt første kyrkjemøte. Dei møttest i Nikea. Der skreiv dei ned trua på den treeinige Gud; Far, Son og Heilag Ande. Difor kalla me det Den Nikenske truedkjenningsa.»</p> <p>Dei kristne stiller seg opp i eit tablå/stillbilete, som viser truedkjenningsa.</p>	<p>Skilt m/årstall</p> <p>Skilt m/Nikea</p> <p>Skilt m/symbol for treeinig Gud</p> <p>Pinnekors</p>	Kyrie eleison Gregoriansk musikk
	Biskopen av York: Sendebod (1 elev)	<p>«Disiplane fullførte oppdraget Jesus hadde gjeve dei: Dei fortalte om Jesus sin siger på krossen, og menneske tok imot den kristne trua og blei døypt. Kristendommen spreidde seg opp til Roma, og ut til både Nord-Europa og Øst-Europa og vidare til Afrika.»</p> <p>«Nå, kjære sendebod, kan du ta oss med til munkane? Kva har dei å fortelje?»</p>		
400-talet	Munkane i England  Munk (2-4 elever):	<p>Munkane gjer nokre sprell!!! Hoppar tau med eit av beltene/reipa. To svingar tauet og dei andre hoppar...</p> <p>Klokkeringing for tidebøn - munkane stiller seg i ring med hendene samla i bøn.</p> <p>«Me er munkar. Takksame for freden og kjærleiken som Jesus ga oss, har me gitt liva våre til Gud, vår Far. Me lever i bøn og teneste for sjuke og fattige. Klosteret er heimen vår, og her deler me på det me får. Me har skule i klosteret, for kunnskap er viktig både for fattige og rike.»</p>	<p>Skilt m/årstal Munkekutter Smykker med kross Bibel Klokke/bjelle</p>	Keltisk musikk
	Biskopen:	Takk for seg ved å legge hovudplagget frå seg i ei korg.	Korg til oppbevaring	



Når	Kven	Kva og korleis	Rekvistar / kostymer	Musikk / Song
År 1009	Viking-kongen på Haugar Viking-kongen med ryggen i øst: Sendebod (1 elev)	<p>Historieforteljaren viser tidsskiftet ved å snu kappa si og ta på seg vikinghjelmen med krone.</p> <p>«Hei, eg er vikingkongen på Haugar og nå står me i mitt rike, her nord på Haugalandet. Eg kjenner godt til kloster og skulane i York. Me, vikingane, sender faktisk ungane våre til skulane i kloster, slik at dei skal få ei god oppseding. I år 928 sende Harald Hårfagre og kona, Tora Mostrastong, den yngste sonen deira til klosteskule i York.</p> <p>Her står eg på Haugar og ser imot havet, her er det eg som er den stolte kongen som regjerer. Her rår eg. Mitt sendebod; ta oss med til mine brør, dei barske vikingane!»</p>	Skilt m/årstal Kongekappe Sverd Vikinghjelm	Mektig musikk med salmen «Overmåte fullt av nåde»
Viking-tida	Vikingane Vikingar (2-4 elever): Viking-kongen:	<p>Kjempar i kamp! Må øvast med replikkane.</p> <p>«Me slår oss aldri til ro, det er alltid meir rikdom og land og makt å erobre. På vikingtokt fjernt og nært i Europa kjemper me til oss alt me finn av verdi. Jo meir eigedom me har, jo mektigare blir me og jo fleire trælar treng me for å arbeide for oss. Trælar er lette å få med seg, det er folk som me ikkje gidd å gje løn, og som lydig gjer hardt arbeid til dei blir sjuke og døyr.»</p> <p>«Eg og vikingbrørne mine karrar til oss gull og rikdom. Me nyttar gjerne vald for å vinne! Og trur de me er nødde med å ha berre ei kone? Å nei då, me vil gjerne ha fleire!»</p>	Skilt m/Tor Skilt m/Odin Strieserker Belte Vikinghjelmar Sverd og skjold	Viking-musikk Salmetonar
Viking-tida	Trælane Træl (1 elev):	<p>Ulike arbeidsoppgåver</p> <p>«Livet er hardt, me arbeider frå morgen til kveld kvar dag, heile året igjenom. Det verste er at borna våre må jobbe også. Men me får mat og ein plass å sove for natta.»</p> <p>«Gjesp! No er det tid for å legge seg. Lat oss saman be Den Heilage Patrick si bøn!»</p>	Hakke og spett Garnnøster Gryter og sleiver Kross Skilt m/FRED	Song: Dona Nobis Pacem (Stillferdig)



Når	Kven	Kva og korleis	Rekvistar / kostymer	Musikk / Song
År 387-461	Træl (1 elev):	<p>St. Patrick si brynze (Keltisk bøn): «Ved daggry spenner eg på meg ei brynze av himmelsk styrke: Sola sine stråler, Månen sitt skin, Ilden sin herlegdom, Vinden sin hastigkeit, Havet si djupne, Jorda sin fastheit, Klippa si hardheit.»</p>	Skilt m/årstal Kross rundt halsen	
År 1011	Prestefølge  Første prest (1 elev):  Andre prest (1 elev):	<p>Blir kledd på til musikk.</p> <p>«Me er prestar og heilage menn og pilegrimer frå York. Trua på Tor og Odin har alltid vært viktig for folket på Haugar og her i nord. Kvinner og menn, gamle og unge, har jobba hardt for å gjere gudane nøgd. Dei har drive med blot og andre vonde skikkar, men folket her treng å vite at dei allereie har fred med Gud.»</p> <p>Vend mot vikingkongen på Haugar: «Lær av trælane dine og sjå på krossen som dei ber på seg, og la deg døypt i namnet til Faderen og Sonen og Den heilage Ande.»</p>	Skilt m/årstal Messehakler Kross Bibel Dåpsfat Mugge med vatn	Keltisk musikk «Overmåte fylt av nåde»
År 1011	Viking kongen på Haugar:  Sendebod (1 elev)  Alle  Viking kongen:	<p>Vikingkongen er litt stressa og musikaren blåser i luren: «Ting, eg må samle til Ting! Sendebod,- hent heile folket mitt og samle dei på tingstaden ved Haraldshaugen!»</p> <p>Folket stiller seg i grupper. «Eg har sett dei gode levereglane og den freden de trælar har med guden dykker og med kvarandre. Eg lar meg no døypt til den kristne trua slik de har gjort - mine trælar frå sør. Så står me no samla i trua på Jesus Kristus som sigra på krossen og gav oss fred med Gud.»</p> <p>Vikingkongen blir døypt av ein av prestane. «Alle skal kjenne til at me står samla i denne viktige saka. Borte på Krosshaugen ser me krossen som eg har fått på plass, godt synleg frå land og frå skipsleia og havet. Ei ny tid, ei ny tru og ei ny makt!»</p>	Dåpsfat Mugge med vatn Lur - instrument  Krossen på Krosshaugen	



Når	Kven	Kva og korleis	Rekvistar / kostymer	Musikk / Song
År 1024	Olav den heilage  Går opp i bakken til Krosshaugen:	<p>Kjem plutseleg frå sidelinja.          «Hei du, småkonge på Haugar, her er det mykje meir å rydde opp i!          Eg befalar kristenretten i namnet til Gud!          Slutt med nyttelaust blot! Gud har slutta fred med folket sitt i Kristus.          Frigjer trælane! Lat dei få velgje sin eigen veg!          De mannfolk; Hald dykk til ei kone!          Likeverd blant folket! Ta vare på borna dykker, ingen skal setjast ut i skogen for å døy!          I Bibelen står det skrive at Gud skapte verda på 6 dagar. Den sjunde dagen kvilte han. Det skal også dykk gjere. Den dagen skal me feire Gud sin fred med folket.          «I dag er dagen som me skal samlast til messe på Krosshaugen.          Kom - mitt folk!»</p>	Skilt m/årstal Kongekappe Krone Kross Sverd	Keltisk tonefolge (musikk av Iver Kleive)
År 1024	Prestar og allmugen	<p>Messe på Krosshaugen.          «Tenk ikkje på det som var! I dag skapar Gud noko nytt.»</p>		Dona Nobis Pacem (Kyrie Eleison) Fedrelandssalmen

MOSTER **1000** 2024 *iko*



DEN NORSKE KIRKE  
Skåre menighet

FRAMTIDA  
**junior**